



Ulstein i hundre

Kyrkjegata - Vikemyra,
utviklinga langs den første gatestrukturen i Ulsteinvik.
Dokumentasjon av kulturverdiar.



ULSTEIN KOMMUNE

Intensjonen med denne rapporten har vore å dokumentere kulturminne og kulturminneverdiar - og gjere synleg endringar som har skjedd innanfor det definerte planområdet.

Rapporten tek i grove trekk for seg tidsrommet 1905 - 2003, men nokre eldre bilete er også med for å illustrere korleis bygda var før rapportperioden.

På dei første sidene kan du sjå korleis Ulsteinvik såg ut kring 1890. Dette kan dokumenterast ved at gamleheimen nord for bedehuset er under oppføring. Gamleheimen vart vigsla i 1891, som ein av dei første i landet.

ISBN 82-997125-0-5



Mat er også kultur. Bak i boka finn du oppskrifter på god tradisjonsmat frå vårt distrikt.

Innhald

Forord	7
Dokumentasjonsprosjektet	8
<i>Eigedomskart</i>	
Kommunedelplanen	10
Ulsteinvik kring 1905	13
<i>Før unionsoppløysinga</i>	
<i>Kartskisse</i>	
<i>Utviklinga mellom to hundreårsskifte, foto 1905 - 2003</i>	
Ulsteinvik kring 1930	21
<i>Kartskisse frå kring 1930</i>	
<i>Foto 1930 - 2003</i>	
<i>Næringsliv</i>	
<i>Køyrety og motorisert transport</i>	
Ulsteinvik kring 1965	37
<i>Kartskisse frå kring 1965</i>	
<i>Flyfoto frå 1964</i>	
<i>Eit sentrum i endring</i>	
<i>Forretningsdrift</i>	
<i>Servicefunksjonar og folketal</i>	
Ulsteinvik i 2003 - dagens situasjon og vegen vidare	49
<i>Kartskisse frå kring 2003</i>	
<i>Flyfoto frå 1984</i>	
<i>Kontakten til sjøen</i>	
SEFRAC - Hus i det offentlege kulturminneregisteret	56
Ulstein kyrkje	75
Stilhistorie	76
Korleis hus kan ha endra seg gjennom åra	84
<i>Kan modernisering også vere rehabilitering?</i>	
Bygningselementa som gir direkte kontakt med historia	86
«Ulsteinvikhuset» – finst det?	88
Schmidt-hus i Ulsteinvik?	91
Bygningsmessig mangfald	92
<i>Kyrkjegata og Geileneset</i>	
Element som var med på å gi grunnlaget for etablering av tettstaden Ulsteinvik	94
Kva stod på bordet?	95
Dine notat	105
Dei som har delteke i prosjektarbeidet	106







Forord

Våren 2002 inviterte Riksantikvaren kommunane som var med i MAT-prosjektet til å søke på midlar til kulturminneprosjekt. Ulstein kommune søkte om kr 60 000 til tiltaket «Å registrere kulturminneverdiar langs Kyrkjegata/Vikemyra/Holsekervegen». Det samla budsjettet var på kr 120 000, og representantar frå grunneigarar, Ulstein Marknadsforum, Ulstein Historielag, Ulstein Vel og kommunen danna tiltaksgruppa.

Målsettinga med tiltaket var å skildre framveksten av sentrum frå landsbygd til bygdeby og registrere kulturminne langs den første gatestrukturen. Tanken var at ein gjennom denne dokumentasjonen kunne stå betre rusta til å ta vare på desse verdiane for framtida, noko som er omtala både i «Tettstadsanalyse Ulsteinvik» (Asplan Viak 1999) og «By- og næringsutviklingsplan for Ulstein» (2001).

Rapporten er laga gjennom eit samarbeid mellom tiltaksgruppa, som har stått for registreringsarbeidet, og konsulenten, som har hatt fagarbeidet i samsvar med vilkåra frå Riksantikvaren. Innhaldet er korkje fullstendig eller utan feilkjelder og feiltolkingar. Den trykte utgåva må sjåast på som ei utskrift av ei pågåande registrering og innsamling av data som vonleg vil bli utvida og forbetra med tida. I den samanheng har Riksantikvaren gitt nye tilskot til formidling av rapporten med kr 15 000 i 2003 og kr 30 000 i 2004.

Ulstein kommune, 2004.

Nils Ertesvåg



Foto Skollebakken - Vikemyra i 1930-åra. Huset litt til høgre (gnr. 8, bnr. 21, Dimmen) står den dag i dag. Huset i midten (Ringstad) vart øydelagt av brann i 1988. Huset til venstre er Fjellehuset.



Om lag same motiv som fotografen hadde for biletet til venstre. Foto: mars 2005.



Foto frå Kyrkjegata, truleg frå 1931. Huset til høgre er Norrøna pensjonat, Vågehuset til venstre. Vågeelva brusa friskt langs husveggene når haustregnet kom inn i trusketida.



Foto tatt i juni 2003 frå om lag same stad som på biletet til venstre. Norrøna pensjonat er borte, men namnet og husfargen lever vidare i dei nye bygningane.

Dokumentasjonsprosjektet

Dokumentasjonsprosjektet omhandlar eit område som i det meste av 1900-åra var sentrum i det som etter kvart skulle utvikle seg til tettstaden Ulsteinvik. Siste tiåret er tyngdepunktet i sentrum flytta nærare sjøen og lenger mot sørvest. Under arbeidet har ein difor funne det formålstenleg særleg å arbeide med følgjande:

Tilhøvet til sjøen

- å sjå planområdet i samanheng med utviklinga av hamna:

Til utpå 1970-talet hang utviklinga av planområdet nøye saman med hamneområdet. I dag er hamna eller sjøfronten flytta 50 til 100 meter lenger ut i høve til opphavleg fjøre.

Endringane

- å leggje vekt på å dokumentere dei store endringane som har skjedd i og nær det definerte planområdet.

Berge Hjørungnes, 2003.



Desse to bileta frå 1930-åra og 2003 viser dei store endringane som har funne stad nedanfor Central Hotell dei siste 50 - 60 åra. Dei store endringane i dette området er grunnen til at ein valde å utvide «planområdet» til hamna og fjøra. Det vesle buset med skråtak (til venstre) har hatt fleire funksjonar med skiftande behov: stall, brannstasjon, drosjesentral. Central Hotell vart rive i 2004, og ein ny bygning reist på tomte.

> Egedomskart

«Egedomskart» for området, der egedomane med gards- og bruksnummer (dei aller fleste), er påførde.



Kommunedelplanen for Ulsteinvik, arealdelen, godkjend i kommunestyret 28.08.03.

Kravet til utarbeiding av kommuneplan og kommunedelplan er nedfelt i Plan- og bygningslova Kap. VI.

Offentlege planar.

A Kommunedelplan 2003.

Kommunedelplanen for Ulsteinvik har med følgjande punkt som vedkjem kulturminna i området:

Pkt. 4.4 Bandlagde område (hovudpunkt)

«Område som er regulerte til kulturhistorisk vern er viste som bandlagde. Dette gjeld areal på Osnes (Vollane), Petterbakken, prestebustaden og i Kyrkjegata.»

Pkt 5.2.2 Sentrumsområde (eitt av fleire underpunkt)

«Kyrkjegata – Vikemyra med tilliggjande busetnad representerer ein tidleg fase i tettstadutviklinga i Ulsteinvik, og utgjør ei eiga sone mellom bustadområda ovan-

for og den nyare sentrumsdelen nedanfor. Denne kulturhistoria tilseier at eldre bygg bør bevare si ytre form, eventuelt setjast i stand/fornyst under omsyn til det kulturhistoriske aspektet, og at nye bygg bør få ei utforming som ikkje er i strid med omsynet».

Sjå elles figurteksten ved reguleringskartet.

Utsnitt av kartet som viser sentrum og arealet som vedkjem denne rapporten. (Nordpil og målestokk er påteikna av oss). Det er verdt å merke seg at utsnittet inneheld tre område med vertikal skravrur (dvs. skuggelegging). Dette er område som i planen er bandlagde til kulturminnevern og som i gjeldande reguleringsplan, i dette tilfelle Reguleringsplan for området Kyrkjebakken - Vikelva (1988), er regulert til «spesialområde, kulturhistorisk vern» etter Pbl § 25.6. Områda dette gjeld er:

- Prestegarden
- Bakargarden i Kyrkjegata
- Våningshus og borstove på Vikgarden, gnr. 8, bnr. 3.

Spesialområde, kulturhistorisk vern

Boligområde

Offentleg

Park

Parkeringsplassar

Areal til forretningsdrift

Sjø



> Foto av husa som ligg på dei skraverte områda i reguleringskartet



Bakargarden er restaurert og hyser i dag Farmors Krambod. I bakbagen står framleis det gamle bakeriet.



*Väningshus og borstove på Vikgarden, gnr. 8, bnr. 3.
Omtale annan stad i boka.*



*Prestegarden bak kyrkja er regulert til spesialområde i gjeldande reguleringsplan.
«Klagemuren» som gjekk langs gata mellom kyrkegardsmuren og prestegardsmuren var enno inntakt. Ovanom denne muren var det ei mark der julegrana brukte å stå. Muren vart kalla Klagemuren.
Her møttest folk for å løyse «verdsproblema», diskutere fotball-kampar osv.
Foto kring 1950.*



Ulsteinvik kring 1905

Dei følgjande kapitla viser nokre av dei store endringane som har hendt i løpet av ein periode på om lag 100 år, frå kring 1905 til 2003. Ein del av illustrasjonane som synleggjer desse endringane er gamle foto sett saman med nye, tatt frå om lag same stad. Men først nokre foto frå før unionsoppløysinga. Utskiftingskartet frå 1881 og bileta 1880 - 1905 syner ei bygd i rask utvikling.



*Utsnitt av oppmålingskart frå 1881.
Biletet under er tatt 7 år seinare. Ein
kjenner seg godt att i høve til kartet.*



*Fotografi frå 1888.
Storevikholmen i forgrunnen.
Vi ser kyrkja, vegen mot Flø
(dagens Kyrkjegate), Holsekervegen,
Vikemyra, Gamlevegen til Hareid,
Vikelva, naustrekkeja i Vikefjora,
voren og bryggja.*

Før unionsoppløysinga

Kyrkjegata - Vikemyra

Nokre foto som syner korleis bygda utvikla seg frå dei første åra fototeknikken kom i bruk hos oss, seint på 1800-talet, og inn i første åra av 1900. Bileta er utlånt av Einar Grimstad, som har prenta dei i sine fotosamlingar.



Kring 1870

Eldste kjende foto frå Ulstein. Dette er Myklebusthuset med gjestgiveri, post- og skysstasjon. Huset stod om lag der gamleapoteket står i dag, eller nede i hagen. Sjå utskiftingskartet frå 1881, side 13.




Saunesbrauta kring 1905

Fleire av dei karakteristiske pirane med sjøbudene er bygde. Ved Snorrebuda ligg ein større båt. Den nye vegen som endar i steingarden til høgre i biletet er innteikna på kartet frå oppmålinga i 1881, side 13.



1890

Kyrkja slik ho var etter flyttinga frå Ulstein. Horudinngangen var i endevæggen mot vest. Trappa gjekk inn på kyrkjegarden. Biletet er frå gravferda til Karl Myrene, tidl. Lianes, som flytte frå Ørsta til Saunes, via Myrane i Haddal. Merk steinfyllinga i sjoen.



Kring 1905

Området som er omfatta av denne rapporten, slik det var ber det året unionen med Sverige vart oppløyst i 1905.

Kartskisse frå kring 1905

Skissa gir eit bilete av tettstaden rundt 1905. Grunnlaget for skissa er hus som står i dag, gamle foto, skildring i lokalhistoriske skrift og intervju med grunneigarar.

Husa er teikna sterkt forenkla og detaljar er utelatne. Skissa kan difor ikkje brukast som fullt ut påliteleg dokumentasjon.

Dei fleste husa langs Kyrkjegata og Vikemyra skal vere korrekte med omsyn til plassering og storleik.

Framstillinga av naust og sjøbuder er meir usikker då dei fleste av desse er borte for lenge sidan.



Illustrasjonen viser m.a. at:

- gatestrukturen Kyrkjegata - Vikemyra var den same den gongen som i dag. Truleg er desse veglinene mykje eldre.

- mange av busa på illustrasjonen står den dag i dag:

m.a. Almegarden ute på Reiten, Johannesenbuda (flytta til ny stad), Foreiningsbuda, Snorrebuda, busa i Vikgarden, Warholmgarden og kyrkja. Kyrkja vart opphavleg bygd på den gamle kyrkjestaden på Ulstein og flytta til Ulsteinvik i 1878.



- vatn, sjø og bekker/elvar var viktige ressursar som gav grunnlag for busetnad. Det var relativt stor konsentrasjon av hus og verksemder m. a. ved Vågeelva. Gode hamnetilbøve gjorde at aktiviteten var stor med bygging av fleire naust og sjøbuder i Vike- og Osnesfjora.

Utviklinga mellom to hundreårsskifte


Bøsvingen - Vikemyra

Her er nokre eksempel på korleis sentrum har utvikla seg frå om lag 1900 til 2003. Fotografane har sikta seg inn mot om lag same motivet i 1900, 1939 og 2003.



Før år 1900

Carsten Ottesens Dampskipskai, «Puskaia». Dama til venstre skal vere Petra Bøe, kona til handels-mann Peter Bøe (til høgre av dei to som bøyer seg ned). Bak står Olaf Wiik. Mannen til høgre er distriktsslege Lange. Naustet tilhøyre Peter Bøe. Borstova og loa i Petterbakken (Trillenloa) står framleis, men høgre delen av loa (Bjørndalloa) er borte. Loa var mykje nytta i jonsokfeiringa i eldre tid.



1939

Foto tatt frå båt mot om lag same området som over. Første byggetrinn av skulen er bygd og Stratos er under oppføring. Vøren der færingar kunne legge til uansett flo eller fjøre ligg sør om «Puskaia», ei trekai eller pir som hadde tilflot for større båtar.



2003

Biletet er teke i juni 2003, frå om lag same stad som det øvste biletet. Taket på loa i Petterbakken ser vi over taket på bensinstasjonen. Fjora gjekk opp mot noverande Bjørndalvegen.

Geileneset

I ly bak Storevikholmen låg fleire sjøbuder. I dag er holmen landfast, men i 1905 måtte fotografen i båt for å kome ut dit. Vikefjora var langgrunn og dei mange sjøbudene måtte leggst langt ut for å sikre tilflot. Ut til budene gjekk lange pirar, som var bygde på pålar etter ein spesiell teknikk. Det var Nykrem frå Leikong som var bas for dette arbeidet. Han hadde lært teknikken frå hamnearbeid i Amerika. Mellom anna bygda han pir for AS Norske Shell, som hadde kai tett ved Foreiningsbuda. Her var oljeutsal til fiskebåtar. Dei særmerkte trepirane er for lengst innhenta av utfyllingar og asfalt, men det er framleis eit levande miljø med god småbåthamn og fleire sjøbuder på Geileneset.



Geileneset frå vest i 1905

Fotografen har stått på Storevikholmen og fotografert budmiljøet på Geileneset.



Same stad år 2003

Det same har fotografen gjort i juni 2003. Storevikholmen er for lengst innlemma i fastlandet som tilhøyrrer verftsområdet. Foreiningsbuda og kyrkja viser på begge bileta.



Geileneset frå aust kring 1905

Utsnittet av det vakre biletet frå Geileneset viser området rundt 1905. Almehuset på Reiten (frå 1902) og Ulfsteinhuset (frå 1800-talet) til høgre står framleis.



Om lag same stad år 2003

Fotografen av biletet over har prøvd å stille seg på same staden med objektivet i same retning. Men samanlikninga vert vanskeleg fordi rådhuset dekkjer det meste av utsikta.



Ulsteinvik kring 1930

Illustrasjonane i dette kapittelet viser nokre glimt frå korleis området såg ut kring 1930. I mellomkrigstida kom bil og buss som transportmiddel for fullt.




Foto i retning Geileneset rundt 1930. Slakteriet til Brudevoll til venstre i framgrunnen.



Skisse basert på foto frå nokre år før 1930.

Fotografen kan ha stått i 2. høgda i Forbruksforeininga. Vi ser Brødrene Hatlos' mek. Værksted & Slip som seinare vart flytta til Osneset.

Kartskisse frå kring 1930

Skissa gir eit bilete av tettstaden rundt 1930. Grunnlaget for skissa er hus som står i dag, gamle foto, omtale i lokalhistoriske skrift og intervju med grunneigarar.

Husa er teikna sterkt forenkla og detaljar er utelatne. Skissa kan difor ikkje brukast som fullt ut påliteleg dokumentasjon.

Dei fleste husa langs Kyrkjegata og Vikemyra skal vere korrekte med omsyn til plassering og storleik. Framstillinga av naust og sjøbuder er meir usikker, nokre hus manglar truleg.



Illustrasjonen viser m.a. at:

- gatestrukturen vist på illustrasjonen frå 1905 er så godt som uendra.
- sjøfronten er så godt som uendra. Pakkebuset «Sjøborg» har kome til.
- området har om lag same talet på naust og sjøbuder som i 1905.

- talet på bustadhus har stige kraftig; frå om lag 30 i 1905 til om lag 50 i 1930. Særleg mange nye har kome til i Kyrkjegata.



- det har kome til nokre bygg med «allmennnyttig innhald», som til domes bedehuset, hospitset og Fredheim.



Kring 1930

Biletet frå om lag 1930, syner m.a. Brudevollbuset, bedebuset (1878, utvida 1920). Til høgre står Johannesenbuda for flyttinga. Den første gamleheimen ligg mest skjult bak Brudevollbuset.



Same stad år 2003

Eit større utsnitt, men fotostandpunktet er om lag det same her som i 1930 (ørst). Tre og bageplanter er ein meir dominerande del av miljøet i vår tid.



Kring 1930

Endringer i området nedanfor kyrkja. Hestevollen låg mellom kyrkja og Fredheim. Vi skimtar han til høgre for Hospitset, like inn til Fredheim.



Same stad år 2003

Skogrydding langs Kyrkegata kan åpne ny kontakt mellom kyrkja og sjøen.



Kring 1930

Her har teiknaren prøvd å rekonstruere miljøet langs fjøra vestover frå Geileneset, slik det var i 1930-åra. Skisse: 2004.



Same stad år 2003

Biletet over er teke i februar 2003 frå om lag same stad.



Kring 1930

Steinbrua over Vikeelva er dimensjonert for ei anna tid. Eit malerisk minne, oppmura kring 1820 - ein del av den første vegen til Vik, ei lenging av Gamlevegen. Den gjekk gjennom hagen i Warbolmgarden, i kryss ovanfor «Bjørndals Minne», mot brygga.



Same stad år 2003

I dag er denne delen av Vikemyra blindveg, og den vakre steinbrua toler godt den trafikken som er her. Eit fint element i ein framtidig park?



Kring 1930

Kyrkjegata med Central Hotell og Fredheim. Kle er også eksponentar for si samtid.



Same stad år 2003

Biletet over er teke før Central vart rive. Men Fredheim er framleis med å prege bybiletet. Legg merke til at trappa er snudd og no går i same retning som gata.

Næringsliv

Mange slags næringer hadde fått fotfeste i Ulsteinvik i 30-åra. Bussane til K. Moldskreds Rutebiler gjekk i fast rute mellom bygdene, og Ulsteinvik hadde fått ein naturleg sentrumsfunksjon. Tidlegare var det gjerne eit rom i bolighusa i tillegg til sjøbuder og smier, som hyste ulike verksemder. Men no kom spesialforretningane med bygningar som sette ein standard for sine verksemder: bank, bakar, slaktar, post, hotell, apotek m. fleire.

Nokre døme: Bakeri med utsal i 1864, postopneri i 1872.

Første bankbygget var Ulstein Sparebank, oppført kring 1935, i ei tid med gryande optimisme i næringsliv og økonomisk vekst.

Optimismen og framtidshåpet kom også til uttrykk i arkitektur og design: Funkisstilen blomstra, men framleis med eit bein innanfor klassisismen som nettopp var «ute» - veranda med søyler og stiliserte krysspostvindauge. Funkisstilen passa kanskje godt til banken; huset fekk på ein måte meir «pondus» og verdiheit. Bankbygget vart rive rundt 1990.

På dei følgjande sidene kan du sjå nokre få av verksemdene som kvar på sitt vis var med å prege tettstaden Ulsteinvik.



Sparebanken, ein institusjon i bygda.




Stramt interiør og stramme representantar for banken.



Apoteket Mørejarlen kom i drift 1940.



Personalet i apoteket kring 1960.



Spiren

I smia til venstre i Vikefjora starta Hatløkarane det som seinare vart eit industrieventyr i Ulsteinvik. Foto ca 1910.



Brødrene Hatløs' mek. Værksted & Slip

Vikefjora var langgrunn, og verksemda vart flytta lenger ut (Osnesfjora) for å få plass til slipp. På biletet ser vi m.a. Forbruksforeininga.



Møbelindustri

Sentralt i hamna låg møbelfabrikken.

A/s ULSTEINVIK MØBEL & TREVAREFABRIK ULSTEINVIK

Fabrikken blev startet 1. august 1927 av O. I. Seljeset, H. Ringstad, Ole Ringstad og F. Fredriksen.

Fabrikkens drift består av to avdelinger:

- A. Fabrikasjon av møbler for spisestue, soveværelse, dagligstue og salong i moderne stiler.
- B. Fabrikasjon av dører, vinduer og trapper. Oppførelse av husbygg. Lager av alle sorter materialer og listverk. Forøvrigt alt i bygningsartikler.



Godsekspedisjon og rutebåt

Å møte opp på kaia når rutebåten kom inn var nærast obligatorisk, ikkje minst for næringslivet, som henta og sende sine varer på den tids riksveg nr. 1, sjøvegen.



Bakeri

Eitt av bakeria (Rasmussen; instebakaren). Det er fortalt at konene i Vik kom med deigar for å få steikt brød og kaker i bakeria. Det var sikkert rasjonelt med store familiar og dei bakaromnane som fanst kring førre hundreårsskiftet.



Kaffistova i Årsethuset

Kaffistova var eitt av fleire urbaniseringstrekk i si samtid. Sentrum var tidleg ute også med gjestgiveri, hotell/ hospits. Eldste biletet i dette heftet er nettopp av eit hus som var nytta til skyssstasjon og gjestgiveri (side 14).



Bertakiosken

Benken ved kiosken var god å kvile på, om ein venta på «Kollenbussen» eller ferske aviser!



Blikkenslager

Ikkje så få verksemder starta opp i ein kjellar. Så også blikkenslager Einar Kristensen.



Slakteri

Brudevoll dreiv slakteri i Osnesfjora og hadde utsal i bolighuset. Brudevollmøren var ettertrakta.



Bustadhus med forretning

Fredriksenhuset i Vikemyra har gitt busrom til slaktar, skomakar, broderiforretning, bilforhandlar og reklamebyrå.

Køyrety og motorisert transport

Det var stor aktivitet i bygda kring 1930 og fleire kjøpte bil i samband med handelsnæring eller annan nyttetraffikk.



Rutevognene

Bilindustrien var bevisst på krafta som låg i moderne design, då som no. I 30-åra var det funksstilten som gjaldt. Bussen her tilbøyde Gerhard Ulfstein, hadde 18 sete og var produsert i 1931. Bussen gjekk i rute til tidleg på 50-talet og var så utsliten at frambremserne vart utkobla fordi dei bengde seg fast. Med berre bakbremsar vart han noko ustyrlig på glatt føre, og vart kalla «Kjelken».

Larsnes Auto med stilig sjåfør, Ruben Garshol, sette inn eigen bil i ruta Leikong - Ulsteinvik - Hareid. Bileigar, Johs. Brudevoll.



Kommunebilen

Kommunebilen var eit populært innslag i sentrum og ute på bygdene. Snøpøying, grusing og vegskeraping måtte til for å halde vegane i stand.

Her er bilen med fast sjåfør i mange år, Hans O. Ringstad, som flytter lagerbygningen til Peter Bøe frå Vikefjora, til gjenbruk ein annan stad lenger ute. Gustav Adolf Olsen hadde erfaring frå anleggs-verksemd og var sjef for transporten. Stramme økonomiske rammer i før- og etterkrigstida tilsa gjenbruk i staden for riving og øydelegging.



Forretningane

Store endringar var i ferd med å skje i sentrum. Fleire forretningar såg seg nytte i å ha eigen bil til transport av varer frå pakkehuset og ut til kundane i distriktet.

Foto frå den nye haldeplassen med utsyn mot dei staselege bygningane bak naustrekka i Vikefjora. Stratosbygget er under oppføring.



Trafikknutepunkt

Gerbard Ulfstein var først ute med busstransport i Ulstein, 1929 - 34. Biletet her er truleg frå siste halvdel av 30-talet og viser bilparken til K. Moldskred Rutebiler og Larsnes Auto sin buss (nærast). Den nye haldeplassen vart eit viktig trafikknutepunkt med drosjesentral, godsekspedisjon, djupvasskai, og litt etter kvart kom ferjekai for bilferja som knytte Ulstein tettare til Herøy. Men den første som hadde konsesjon for rutekøyring, var Andreas Moldskred.



Ulsteinvik kring 1965

Perioden frå 1930- til 1960-åra, særleg etter 2. verdskrig, var prega av aukande folketal, biltrafikk og næringsverksemd. I 1960-åra tok ein til å fylle ut det grunne hamneområdet.



Hospitset

Hospitset var eit markant innslag ved Haldeplassen fram til 1970-åra. Kafeen «Mamma» var ein populær moteplass. Sjøfolk som kom heim hadde med seg namnet frå hamnemiljø ute. Hit kom gjerne ungdom både frå bygda og distriktet i belgane.



Haldeplassen

Haldeplassen var eit viktig trafikknutepunkt, samlingsplass og «offentleg rom» i Ulsteinvik, store deler av døgnet i 1960-åra. Ved kaia, bilferja «Torulf».

Kartskisse frå kring 1965

Skissa gir eit bilete av tettstaden rundt 1965. Grunnlaget for skissa er hus som står i dag, flyfoto og kart.

Husa er teikna sterkt forenkla og detaljar er utelatne. Skissa kan difor ikkje brukast som fullt ut påliteleg dokumentasjon.



Illustrasjonen viser m.a. at

- i tillegg til gatestrukturen vist på illustrasjonane frå 1905 og 1930, har utfyllinga i sjøen ved Geileneset byrja, og nye gater kjem til.
- restar av den gamle sjøfronten eller fjøra er synleg sør og vest for rådbustomta.

- dei gamle nausta i Vik er rivne og erstatta av fylling ut til dei gamle sjøbudene. Det er vidare «næringsbygg» i fjøra innover mot Saunes. Bensinstasjon, samfunnsbus og realskule er bygd. Hospitset står framleis.
- mellom kyrkja og prestegarden er bygd ein sambindingsveg, Kyrkjebakken.



- i vest har nytt slakteri (Brudevoll) blitt bygd på ei ny fylling med molo.

- talet på bustadhus er om lag det same som i 1930.
Det første moderne forretningsbygget i sentrum er bygd.

Flyfoto frå 1964

Landmåling ved hjelp av flyfoto er god dokumentasjon over utviklinga etter krigen. Slik var Ulsteinvik i 1964.





Eit sentrum i endring

Verftsindustrien var inne i ei rivande utvikling i 1960-70-åra, og sprenging av fjellhammaren bak verftet og dokka på Osnes ga høve til utfylling av overskotsmasse i den grunne vika frå Saunesosen og utover. Tidlegare var det berre sporadiske plattingar av stein frå jordbryting som låg langs fjøra.

Den raske utfyllinga ga rom for fleire forretningsbygg, og ein ny «bydel» kom til i rekordfart. Dette førte til ei forskyving av aktiviteten i sentrum; Kyrkjegata - Vike-myra som tidlegare var den sentrale aksen i Ulsteinvik, kom meir i bakgrunnen for aktivitetane som vaks fram på den nye fyllinga. Dei særmerkte pirane, sjøbudene og naustrekka i dette området blei brått historie.



1900 - 1950

Vikefjora mellom Geileneset og Saunes er enno urord. Sentrumsfunksjonane lag framleis langs den opphavelege gatestrukturen og på Geileneset, slik dei gjorde til langt inn på 1970-talet. Krushammarvegen vart bygt 1939-41.



Nytt land

Tidleg på 1970-talet skaut utfyllinga fart.

Konturane av Nyland syner seg.



1975

Den langgrunne Vikefjora er omskapt til byggegrunn. Fleire forretningar flytte inn i nye hus som blei reiste her i 1970- og -80-åra, og nyetableringar kom til.



Hamna

Foto frå sentrum med ferjekaia 1962. Sjøbuda Sjøborg og Hospitset utgjer viktige bygningar ved haldeplassen. Utfylling og utnytting av fjøra og sjøfronten er i ferd med å skje fart.

Veggreklame

Veggreklame frå 1950-åra er sjeldan kost i dag. Denne vart overmåla i 2004.



Kiosken

Kiosken til Håkon Wigg var lenge den einaste i Ulsteinvik. Varetralet gav uttrykk for ein ny tid, nye vanar og forbruksmonster: tobakk, snop, varme pølser, kulørte blad og diverse anna.



Hammerbakken

Langs Kyrkjegata sør for kyrkja var det i 1960-åra trevareforretning, bokhandel, meieriutsal, telefon-sentral, kafé, kolonialforretning, skomakar, elektrisk forretning, radioforretning, platebar, bakeri, kiosk, hotell. Foto frå 1970-talet.

Kyrkjegata

Nord om kyrkja var det etablert bakeri, fotograf, drogeri, el-forretning, bilforretning, barber- og frisørsalong, hospits, hattebutikk, kolonialhandel, slakteri.



Vikemyra

Stratosbygget vart reist i 1938 i funksstil, bygt av dobbel betongmur, støypt med glide-forskalning; avansert arkitektur og byggemåte i dei dagar. Takterrassen vart ein populær møteplass for ungdommen i bygda, og utsikta var upåklageleg. Her eit blikk opp Vikemyra, der det var broderiforretning, skobutikk, kolonialforretning, lokalavis, apotek, doktor, m.m.



Tidleg krøkjast

Arbeidsplassen var også leikeplass for ungar som vaks opp langs Vikefjora. Under pirar og bryggjer gjekk mort og pale i stim...

Skomakaryrket

Den siste som «blei ved sin lest» i Ulsteinvik, Gunnvald Sundgot.

Geileneset

Sjåbudene lyste mang ei forretning og produksjonsbedrift av ulikt slag. Eiksund Fiskemat, kjend mellom anna for gode fiskekaker, heldt til i den vesle buda nord for Ulstein Forbruksforening. Tre karakterar - Paul Lunde (Ura-Pål), Johan Osnes (Osa-Johan) og Sigvald Hofseth (Sigvald opp i Hana) var av og til å sjå i dette miljøet.





Realskolen (Bjørndals Minne) frå midten av 1950-talet.

17.-mailtoget passerer Samyrkje-laget (oppstarta 1923) og Bøsvingen, på veg opp Hammer-bakken. Folketalet, her representert ved den «oppveksande slekt», var i rask vekst.

Bensinstasjonen i sentrum vart bygd i 50-åra i elegant funkisstil. Den var lenge den einaste reine «sørvisstasjonen» og hadde denne utsjånaden til langt ut i 1960-åra.





Ulsteinvik i 2003 - dagens situasjon og vegen vidare

Nokre av kvalitetane i området. Utfordringar det kan arbeidast vidare med for å skape ein tettstad med eit endå betre miljø.



Ørst: Dagens situasjon ved Geileneset, det opphavlege sentrum i Ulsteinvik, viser at der er «tings» å ta tak i for å få denne delen av sentrum til å leve igjen og bli ein triveleg stad å opphalde seg.

Men idyllane i sentrum finst framleis.

Over: Gode miljøkvalitetar som ber i Vikemyra. Vegen er asfaltert breiare enn før og løysinga tek dermed praktiske omsyn. Trea midt i asfalten minner samtidig om den gamle, smale vegen og tida som var.

Kartskisse frå kring 2003

Skissa gir eit bilete av tettstaden i år 2003. Husa er teikna sterkt forenkla og detaljar er utelatne. Skissa kan difor ikkje brukast som fullt ut påliteleg dokumentasjon.



Illustrasjonen viser m.a. at sidan 1965 har

- det blitt utført store utfyllingar i sjøen, vest og aust for Geileneset. Det er dessutan bygd stor kai på sjølve Geileneset.
- det «gamle» sentrum, sør for kyrkja, blitt komplettert med moderne bygg, som t.d. rådhuset og eit par forretningsbygg.

- gamlesentrum blitt utvida vestover med to nye forretningsbygg (Norrønabygget og Brudevoll).

- største endringa funne stad i Vik med ei rekke nye forretningsbygg langs Bjørndalvegen 1960-70 åra og mot Sjøgata i 1980-90 åra. Siste og største bygget, Blåhuset, stod ferdig i 2001, om lag der den gamle møbel- og trevarefabrikken stod til 1970-åra.

Flyfoto frå 1984

Her er 20 års utvikling sidan siste flyfoto tydeleg. Utfyllinga Nyland har gitt tomteareal for mange forretningsbygg, og aktiviteten er stor. Storevikholmen har blitt landfast og i småbåthamna er det utlagt flytebryggjer.





Kontakten til sjøen

Illustrasjonane viser nokre av utfordringane i arbeidet med sentrum: - å gjenskepe noko av kontakten mellom offentlege uteområde og sjøen.



Fram til 1960-åra var det nær visuell kontakt til hamna/sjøen.



Skisse basert på eldre fotografi frå rundt 1920. Vannspeilet/sjøen, eller vika som ga staden namn, er ein del av sentrumbiletet.



Fotografi frå år 2004.

	<i>Opphavelag låg Snorrebuda fritt i sjøen og var knytt til land med ei oppmura steinfylling. Disse pirane med sjøbuder ytst, var særmerkte trekk ved hamnebiletet i Ullsteinvik, og ga staden identitet.</i>
	<i>Snorrebuda er ei av dei eldste bygningane som står på opphavelag stad ved sjøen nedanfor det gamle sentrum. Vindebusa vender i dag inn mot ein stor asfaltert plass. Biletet er frå 2004, men buda var oppsett hundre år før. Den vart flytta frå Skeide, der den hyste Skeides Tranbranderi.</i>
	<i>Carsten Ottesen eigde frå høgre: Puskaia, Fjærly (no Eiken bokhandel) og Stratos med m.a. meieriutsal, telegrafstasjon og kafé med uteplass på taket. Buda til venstre er Joakimbuda. I Fjærly hadde Vikebladet sitt første trykkeri. Her var også desse kolonialbutikkane i «tur og orden»: Hoels Enke, Johan Ottesen, Carsten Ottesen (Pus), Karl Sundgot (Kai), broren Magnus (Mass) med glas- og rammeforretning, tipping og lagoppstilling for Hødd.</i>
	<i>Foto frå om lag same stad i 2004. Utsyn frå den utfylte Sjøgata og opp Vikemyra. Sparebanken og Rimi til venstre, Eiken Libris rett fram. Stratos kjem så vidt framom hjørnet på Rimi.</i>

SEFRAK - Hus i det offentlege kulturminneregisteret

SEFRAK - eller kulturminneregisteret - har med hus som opphavleg vart bygde før år 1900. I registeret har alle husa i området reg. nr. 1516 (kommunennummeret til Ulstein) - 003 (krins innanfor kommunen) og eit 3-sifra løpenummer spesifikt for huset. Løpenummeret er påført kartet.

Registeret inneheld foto av husa og ein del informasjon om eigar(ar), bruk av huset, konstruksjon, tilstand, eventuelt seinare endringar og ombyggingar. I Ulstein kommune vart registreringa gjennomført sommaren/hausten 1988 av Ingvild Runde.



Av registrerte hus innanfor grensene til denne rapporten - i alt 16 - står framleis 15 i dag (år 2003).

Nokre av husa har blitt ombygde og moderniserte i løpet av levetida.

Originalfoto frå 1988 finst hos fylkeskonservatoren.

Oppføring i SEFRAK-registeret gir ikkje huset spesiell status, eller formelt vern. Den kulturhistoriske verneverdien er knytt til alderen på huset, altså antikvarisk verdi. Men seinare endringar kan ha medført at verneverdien totalt sett kan vere svekka.

Det er grunn til å minne om at det finst mange yngre hus i Ulsteinvik som ut ifrå ei totalvurdering kan ha høgare kulturhistorisk verdi - og dermed verneverdi - enn nokre av dei registrerte husa.

Kartet viser husa innanfor området rapporten omhandlar og som er medtekne i SEFRAK-registeret.

Hus nr. 226 (Ringstad) brann i 1988. På tomta står i dag eit nytt hus.

På dei følgjande sidene er litt informasjon om husa som er med i SEFRAK-registeret.



Våre kommentarar:

I følge SEFRAK-registeret er dette eldste huset som er bygd på staden innanfor planområdet og i Kyrkjegata.

Huset framstår i dag som eit velhalde, velproporsjonert og fint hus med vindaugsomramming og takdetaljar i sveitserstil. Som kombinert bustad og næringsbygg (bakeri - forretning) har huset opp gjennom åra spelt ei viktig rolle som ein del av det mangfaldige miljøet i eldste delen av Kyrkjegata.

Som opplysningane i registeret viser, vart huset snudd i 1920 og fekk ark i 1925. Det er sannsynleg at huset ved snuinga fekk ny kledning og kanskje vindaugsomramming i «siste mote». Kanskje fekk det då sveitserstilpreg, sjølv om det var seint ute.

Sjå kapittel om stilhistorie.

Lokalt namn:

Bakargarden.

Eigar i registreringsåret 1988:

Sigmund Rasmussen.

Byggeår:

Ca 1850.

Bruk/funksjon:

Bustad, bakeriutsal, meieri, vinutsal, krambu.

**Diverse opplysningar:**

Utvendige mål på grunnflate:

6,7 × 11,6 meter.

Huset vart snudd i 1920.

I 1925 fekk huset ark.

Vindauge skifta i 1978.

*Huset/tomta er regulert til
«spesialområde, kulturhistorisk vern»
i Reguleringsplanen Kyrkjebakken -
Vikeelva frå 1988.*

Foto: 2003

Våre kommentarar:

Formelt verna som spesialområde i reguleringsplanen. Bruksmessig tilhøyrrer det Bakargarden og kulturhistorisk også dei andre eldre husa i denne delen av Kyrkjegata. Huset har kulturhistorisk og historieforteljande verdi som ein del av dei gamle bygningane og næringslivet i Kyrkjegata på 1800-talet. Verdien for folk flest ville truleg bli endå større om huset kunne settast i stand på ein måte som gjorde at ein fekk fram historia om det gamle bakeriet. Det bør vurderast å innlemme huset, saman med fleire hus i Kyrkjegata i eit utvida «spesialområde, kulturhistorisk vern», gjerne saman med prestegarden, som i dag har slikt vern i reguleringsplanen for området.

Lokalt namn:

Bakeriet.

Eigar i registreringsåret 1988:

Sigmund Rasmussen.

Byggeår:

Truleg 1875.

Bruk/funksjon:

Bakeri.



Diverse opplysningar:

*Utvendige mål:
ca 4,0 × 10,3 meter.
Ominnreidd 1930.
Brukt som bakeri fram mot 2.
verdskrigen.
Huset er noko forfalle.*

Foto: 2003

Våre kommentarar:

Velhalde og fint hus av den gamle, låge kysttypen med knappe takutstikk.

Ein kjenner ikkje detaljane i den nyaste historia til huset, men ser at nordveggen har trapp og «platting» utan at veggen har dør. Ein reknar med at huset har hatt sekundær inngang mot nord tidlegare. Ein reknar vidare med at denne attbygginga skriv seg frå ulemper med nærleiken til vegen (Petterbakken).

Ein stiller spørsmålsteikn ved sprosseinndelinga i vindauga, som korkje er typisk «bygdeempire» eller typisk historisme/sveitserstil. Dette kan likevel vere ei opphaveleg vindaugstype på huset.

Lokalt namn:

Petter Vik-huset.

Eigar i registreringsåret 1988:

Jon R. Vik.

Byggeår:

Ukjent, truleg tidleg 1800-tal. Huset var då bygd til etter flytting til Ulsteinvik i 1857.

Det vart vidare bygd på mot slutten av 1800-talet (større loftshøgde?). Nye isolerte vindauge (og ny utvendig kledning?) i 1986.

Bruk/funksjon:

Som handelsbu til 1857. Seinare bustad.

**Diverse opplysningar:**

Grunnflate ca 6,4 × 10,0 meter.

Kjøpt frå Romsdal og sett opp på staden til bruk som bustad i 1857-58. (I Romsdal i bruk som handelsbu).

Saman med borstova er huset regulert til «spesialområde, kulturhistorisk vern»

(Pbl § 25.6) i Reguleringsplan for Kyrkebakken - Vikelva (1988).

Foto: 2003

Våre kommentarar:

Ut frå opplysningane i registeret kan dette vere det aller eldste huset i Ulsteinvik. Det opne laftet mot nord viser ovalt forma stokkar og kraftig svill (syllstokk). Laftet verkar tett og forseggjort. Form og tilverkmåte kan tyde på at dette kan vere ein laftetype frå mellomalderen. Borstova saman med huset og løa utgjer eit bygningsmiljø med høg estetisk og historieforteljande verdi.

Lokalt namn:

Borstova.

Eigar i registreringsåret 1988:

Jon R. Vik.

Byggeår:

Usikkert. Oppgitt til å vere ca 200 år i 1989. Altså på slutten av 1700-talet. Flytta frå Nautøya til apoteket og derifrå til noverande stad.

Bruk/funksjon:

Borstove eller «borgstove»; sekundært hus på gard som kunne vere ein kombinasjon av eldhus og drengestove.
(Kjelde: Christ Allan Sylthe, fylkeskonservatoren).



Diverse opplysningar:

Grunnsflate ca 5,1 x 8,7 meter. Lafta kjerne er 5,3 meter lang. I kvar ende er tilbygd skot i stavverk. Restar av grue/eldstad finst inne. Laftet er middelaldertype og kan vere eit av dei eldste bygningselementa i Ulsteinvik (vår vurdering). Huset er saman med bustadhuset regulert til «spesialområde, kulturhistorisk vern» (Pbl § 25.6) i Reguleringsplan for Kyrkjebakken - Vikeha (1988).

Foto: 2003

Våre kommentarar:

Bygningstype og «generasjon» som for 20 - 30 år sidan var vanleg rundt om på bygdene, men som no går ut av bruk og vert rivne i stort tal. Løa har med si plassering stor historieforteljande verdi i ein tettstad.

Istandsett og vedlikehalden etter antikvariske retningslinjer, bør løa både kunne fortsette å vere eit fint miljøinnslag i sentrum, samtidig som ho kunne ha ein viss nyttefunksjon brukt som lager eller oppbevaring.

Kanskje kunne fjøsdelen istandsetjast og brukast til eit «utadretta» næringsformål utan at historieforteljande sider ved det opphavlege formålet vart utsletta?

Det bør vurderast å innlemme løa i området for «spesialområde kulturhistorisk vern» saman med borstova og bustadhuset. Dette vil gjere det gamle, verdifulle bygningsmiljøet langs Vikemyra og Petterbakken komplett.

Lokalt namn:

Petter-Rasmusløa (Trillenløa).

Eigar i registreringsåret 1988:

Jon R. Vik.

Byggeår:

Usikkert, slutten av 1800-talet.

Bruk/funksjon:

Fjøs/løe (driftsbygning).



Diverse opplysningar:

Mål på grunnflate: 9,0 × 19,6 meter.

Kan vere løe bygd etter «den store utskiftinga» 1870 - 80-åra.

Einaste løebygningen som står att i planområdet.

Huset er «vekkeregulert» i Reguleringsplan for Petterbakken – Vikelva (1988).

Foto: 2005.

Våre kommentarar:

Saman med Johannesenbuda og Snorrebuda (for «ung» til å kome med i SEFRAK - registeret) er Foreningsbuda særmerkte kulturminne i eit område som har gjennomgått svært store endringar gjennom utfyllingar og riving av eldre hus dei siste 40 - 50 åra. Eigarar og forvalting (kommunen) fortener ros for vern av desse tre husa. Husa har høg historieforteljande verdi frå ei tid, og om ei næringsverksemd som på mange måtar var starten på utviklinga og veksten i Ulsteinvik. Gjennom vern og vedlikehald kan husa tilpassast ny bruk. Slik kan dei både behalde kulturhistorisk verdi og framleis vere til nytte, og dermed også ha ein økonomisk verdi.

Lokalt namn:

Foreningsbuda.

Eigar i registreringsåret 1988:

Ulstein kommune.

(Brukar: Hatløy AS).

Byggeår:

I registeret står byggeåret oppført med 1879. Ulstein Forbruksforening vart skipa i romjula 1872, og buda vart reist i 1873 for å gi rom til første butikken. Men springfloa gjekk godt over golvet og det var kaldt i den u-isolerte buda. Derfor vart ei ny handelsbud reist på fyllinga lenger inn mot land i 1876. Denne vart kalla «Børsen». «Børsen» vart seinare flytta til Pe-berget på Garnes og tente som butikk der i mange år. Buda står der framleis (iflg. Gunmar Ulfstein).

Bruk/funksjon:

Nytta til handel og lager.



Diverse opplysningar:

Utvendige mål:

16,20 × 11,60 meter

Eldre foto finst i J. Ottesens fotoarkiv.

Eldre foto gjengitt m.a. i bygdeboka for Ulstein og Hareid.

Foto: 2003

Våre kommentarar:

Buda stod vendt mot sør. Fiskebåten «Sleipner», eigar Nils P. Waage, hadde bruk og vegn her. Båten låg fortøydd til buda. Siste næringsverksemd var fiskehandel. Etter flyttinga i 1985, er Johannesenbuda fint restaurert og nytta av ulike organisasjonar med maritim tilknytning. Buda er i dag atter i bruk i næring.

Lokalt namn:

Johannesenbuda (Tollesbuda).

Eigar i registreringsåret 1988:

Ulstein kommune.
(Brukar 1988: Ulstein Hotell).

Byggeår:

Buda var reist i 1901. Tilbygget mot nord vart påsett i 1921.

Bruk / funksjon:

Sjøbud, lager og utrusting for fiskeri og handel, madrassverkstad.

**Diverse opplysningar:**

Utvendige mål: 12,30 x 10 meter.

Buda vart flytta om lag 30 meter i 1985 i samband med omlegging av noverande Sjøgata.

Byggberre var kjøpmann A. Johannesen, som var fiskebåtreiar og kjøpmann. Han eksporterte m.a. sild til Russland. Tommeret skal vere frå Mittet i Romsdal (Rauma).

Foto: 2003

Våre kommentarar:

Igjen eit kulturminne i tilnærma autentisk stand som fortel om næringsverksemd i Ulsteinvik på 1800-talet. Huset fortel også om nøysemd og gjenbruk. Huset stod ved det som var fjøre så seint som for 30 - 40 år sidan. Ros til eigaren som har funne ny bruk i staden for å rive. Det bør vurderast å verne huset gjennom regulering til «spesialområde kulturhistorisk vern».

Lokalt namn:

Bakeriet.

Eigar i registreringsåret 1988:

Rune Ulfstein.

Byggeår:

1800-talet. Flytta frå Bjørkedalen i Volda til noverande stad i 1864 av bakar Kristiansen. Forlenga med ca 3 meter etter flyttinga. Huset fekk nye vindauge rundt 1970 - 75.

Bruk / funksjon:

Tidlegare bruk i Bjørkedalen er uviss (det hadde då hems). Etter at det kom til Ulsteinvik vart det omgjort til bakeri. Garasje frå 1970 - 75.



Diverse opplysningar:

*Ytre mål (i dag): 4,0 × 7,9 meter.
SEFRAK-registeret har enkel skisse av
eine gavlveggen gjort av registrator. Eigar
har foto av buset frå rundt 1950.*

Foto: 2003

Våre kommentarar:

Huset har spelt ei særskild viktig rolle i kombinasjonsbruken bustad/næring i den eldste delen av Kyrkjegata.

På eldre foto ser ein at huset har hatt anna fargesetting enn i dag (oker og/eller raudt?).

Det hadde store butikkvindauge i 1. etasje fram til 1980.

Ros til eigarar for å ha halde huset godt vedlike.

Lokalt namn:

Ukjent. Offisielt namn: «Sjøtun».

Eigar i registreringsåret 1988:

Rune Ulfstein.

Byggeår:

Byggeår er ukjent. Men eldste delen vart i fylgje registeret flytta frå Mittet (Rauma) til Ulsteinvik i 1864. Tilbygget langs Kyrkjegata vart bygd ca år 1900. I 1980 vart bygget rehabilitert.

Bruk/funksjon:

2. etasje har alltid vore brukt til bustadformål. 1. etasje var fram til 1980 brukt til ymse forretningsformål; bakeriutsal, lager og fotobutikk.

**Diverse opplysningar:**

Grunnflatemål på opphavleg hus var ca 6,6 x 8,1 meter. Huset vart sett opp av bakar Kristiansen. Rasmus Ulfstein bygde på huset mot nordvest langs Kyrkjegata. Mål på tilbygget er 5,2 x 6,6 meter.

Huset har eit vindauge mot søraust som kan vere originalt frå rundt år 1900 eller tidlegare. Dette kan vere eit eldre vindauge som vart innsett etter den siste «tilbakeføringa» rundt 1980.

Under 2. verdskrig vart 1. etg. mot søraust nytta av tyskarane til lager av beslaglagde radioar.

På eigedomen vart det oppført ei sjøbud i 1882, denne vart flytta til Bø i nabokommunen Herøy og står der framleis i dag.

Foto: 2003.

Våre kommentarar:

Viktig tun og landemerke, ein slags port ved innkøyringa til det som er tettstaden Ulsteinvik frå nord - ved Holsekervegen - den gamle hovudvegen til og frå Hareid. Stabbur og løe er ikkje med i SEFRAK-registeret. Det tyder på at dei kan ha vore noko yngre enn bustadhuset. Dei var likevel gamle, truleg frå byrjinga av forrige århundret, og høyrde absolutt med til dette skjeldsynt komplette, eldre kulturmiljøet. Eigar i dag er Ulstein kommune. Det har vore arbeidd med fleire planar det siste tiåret for å sette særleg bustadhuset i stand, men huset vart likevel rive i 2004. På grunn av den viktige plasseringa og den autentiske tilstanden til tunet og husa frå 1914, burde desse husa vore sikra for framtida.

Lokalt namn:

Ole Bakkehuset.

Eigar i registreringsåret 1988:

Birgit Bakke.

(Eigar i dag: Ulstein kommune).

Byggeår:

Byggeår er usikkert, men truleg siste halvdel av 1800-talet. Det har vorte flytta frå annan stad på eigedomen - tidspunktet for dette er usikkert. Huset vart påbygd i 1914. Truleg fekk det då brattare tak og sveitserstilpreget (vår merknad).

Bruk/funksjon:

Bustad. Stod tomt/ubrukt dei siste 10 - 12 åra før rivinga.



Grunnflatemål: 8,2 x 10,6 meter. I tillegg bislag og inngangsbaldakin. Dårleg vedlikehald siste åra. I sørveggen var det omfattande rotskader. Til tunet høyrde stabbur og låte løe, muleg bygde i 1914.

Våre kommentarar:

Særs velhalde og fint hus i eit område med fleire eldre og verneverdige hus ved Vike-myra/Petterbakken. Hovudpreg og detaljar er i «forfina bygdeempire».

Ros til eigar som under oppussing og rehabilitering har halde på dei karakteristiske proporsjonane til kysthusstypen. Merk spesielt dei knappe takutstikka i gavl og raft. Enkelt utforma smijernsrekkverk underordnar seg trapp og hus på ein fin måte. Vakker natursteinsmur og stakittgjerde forsterkar preget av velhalden eigedom.

Lokalt namn:

Bjørndalhuset.

Eigar i registreringsåret 1988:

Leiv Bjørndal.

Byggeår:

Usikkert. Truleg midt på 1800-talet. Skal vere flytta frå annen stad på garden, men tidspunktet for dette er ukjent. Taket vart skifta i 1950. Huset vart rehabilitert i 1980.

Bruk/funksjon:

Bustad. Opplysningar i registeret kan tyde på at huset har vore brukt til gjestgiveri.

**Diverse opplysningar:**

Grunnflatemål: 7,5 × 12,0 meter.

Hermod Riise laga eit måleri av huset i 1942.

Foto: 2003.

Våre kommentarar:

Den kulturhistoriske verneverdien har blitt sterkt svekka gjennom fleire fasadeendringar. Ved ei eventuell tilbakeføring til tidlegare utsjånad, bør dette likevel gjerast etter grundig dokumentasjon. Dersom dei vesentlegaste endringane er gjort etter krigen, er det gode sjansar for at det finst fotografi som gir glimt av huset og dermed utsjånaden. Fylkeskonservatoren kan i tilfelle gi råd.

Lokalt namn:

Busethuset.

Eigar i registreringsåret 1988:

Ansgar Urke.

Byggeår:

1880-åra. Huset fekk tilbygg mot nord + diverse endringar i 1970-åra, og nytt tak i 1986. Ut frå foto i registeret frå 1988, må huset ha fått endra fasadane i fleire omgangar.

Bruk/funksjon:

Bustad.



Diverse opplysningar:

Grunnflatemål:

7,6 × 6,9 + 1,9 meter.

Foto: 2003

Våre kommentarar:

Eit nytt døme på fasadeendringar som svekkjer den kulturhistoriske verneverdien.

Lokalt namn:

Severinhuset.

(Offisielt namn: Lerkely).

Eigar i registreringsåret 1988:

Solveig Hareide.

Byggeår:

1887. Rundt 1950 fekk huset kjellar. Samtidig fekk huset tilbygg mot nord med trapp og bad. I 1985 vart huset isolert og fekk ny kledning.

Bruk/funksjon:

Bustad. Butikk.

**Diverse opplysningar:**

Grunnflatemål: 8,9 × 6,9 meter. Tilbygg mot nord: 2,0 × 5,9 meter.

Severin Hareide var skomakar.

Seinare hadde Josefine Hareide ei spanande forretning med gåveartiklar og utstyrsvarer m.m. Ho tok også mot ull og strikka ulike plagg.

Foto: 2003.

Våre kommentarar:

Huset framstår som velhalde, men dei mange endringane har svekka mykje av den kulturhistoriske verneverdien knytt til autentisitet. Huset er likevel interessant som eit døme på korleis dei ulike eigarane tilpassa huset til vekslende stilar og smaksoppfatningar utan å ha gått altfor langt bort frå opphavet. I seg sjølv er dette kulturhistorisk interessant. Det finst nok dokumentasjon i form av eldre foto til å kunne foreta ei tilbakeføring til utsjånad rundt 1903 (sveitserstil) dersom det er aktuelt eller interessant.

Lokalt namn:

Warholmgarden. (Offisielt namn: Lundheim).

Eigar i registreringsåret 1988:

Elsa og Jarl Brandal.

Byggeår:

1873. I 1890 vart huset påbygd ein etasje. I 1903 vart huset påbygd og fekk sveitserstilpreg. I 1965 vart vindauge og bordkledning skifta og grunnmuren fekk ny utvendig forblending. (Ikkje med i registeret: Diverse fasadeendringar til noverande preg i 1990-åra.) Sjå elles særleg omtale side 84.

Bruk/funksjon:

Bustad. På Warholmgarden var det òg smie (i dag garasje).



Diverse opplysningar:

Grunnflate, opphavleg bus:

6,0 × 12,0 meter.

Grunnflate tilbygg:

ca 5,0 × 6,0 meter.

Foto: 2003.

Våre kommentarar:

Huset som står på tomte i dag, fotografert frå ein litt annan vinkel enn måleriet under. Huset vart bygd i 1989/90. Det nye huset vart oppsett litt lenger nede enn der gamlehuset stod. Den lyse gavlen på uthuset skal vere den same som den grønne gavlen på biletet under. «Skilderi» av det gamle huset slik det var før brannen.

Lokalt namn:

Ringstadhuset.

(Offisielt namn: Ringbu).

Eigar i registreringsår 1988:

Gunnar Ringstad.

Byggeår:

1893.

Bruk/funksjon:

Bustad. Første eigaren var skreddar.



Diverse opplysningar:

Grunnflatemål på gamlehuset:

6,0 x 8,0 meter.

NB! Huset vart i følge eigaren, øydelagt av brann i 1988, same året som det var registrert (I registeret er det notert at huset brann i februar 1989.) Fylkeskonservatoren har originalbileta frå registreringa i 1988.

Foto: Det nye huset, 2003.

Våre kommentarar:

Velhalden og fin «stove» frå 1800-talet. Kjellarmuren (som eigaren skal ha ros for ikkje å ha pussa eller forblenda) gir huset eit fint antikvarisk preg.

Vindaugsomramminga har opphavleg truleg vore enklare (type bygdeempire), men dette er usikkert. I ein periode, truleg frå 1957 til 1990-åra, hadde huset «funkisvindaug». At huset ved siste istandsetjinga har fått omramming i sveitserstil, har ikkje svekka den kulturhistoriske verdien vesentleg. Det ligg klart innanfor dei grensene ein bør godta for eit hus som skal brukast aktivt, og leve i tråd med eigarens skiftande oppfatning av stil og estetikk. Ei evt. taktekking bør vere skifer eller torv, helst ikkje sementstein.

Lokalt namn:

Reginahuset.

Eigar i registreringsåret 1988:

Leif Hansen.

Byggeår:

1893. Huset fekk nye vindaug og tak i 1957. I løpet av siste tiåret (årstal er ukjent) har huset blitt tilbakeført til den utsjånaden det har i dag. Forma på tilbygget mot nord kan tyde på at dette er oppsett seinare enn byggeåret.

Bruk/funksjon:

Bustad. I registeret er det opplyst at første eigaren var skomakar.



Diverse opplysningar:

Grunnflate, opphavleg bus:
4,9 × 6,7 meter.

Tilbygg: Ca 2,0 × 5,0 meter.

Foto: 2003.





Kort omtale av kyrkja:

Kyrkja vart først sett opp ute på Ulstein (innvigd 13. mai i 1849), etter at den gamle steinkyrkja der (oppsett ein gong på 1100-talet) - vart råka av lynet den 30. oktober 1847. Sidan det drog ut med avklaring på ein «Resolution» (vedtak fatta av Kongen i statsråd) om kvar den nye kyrkja skulle stå, og at kyrkjebyggaren («den eneste Kierkebygger paa disse Kanter» - sitat sokneprest Wraamann) hadde eit anna byggeoppdrag året etter, vart kyrkja av tømmer sett opp på eit jordstykke mot sjøen ved den gamle kyrkjetomta etter «en af mig udarbeidet Tægning» (Wraamann). Resolusjonen om flytting til Vik kom omsider, men då var taket på nyekyrkja kome på plass. For mange i kyrkjesoknet låg denne kyrkja avsides til, og etter år med komitear, møte og vedtak i kommunestyret vart dei gamle eigarane kjøpte ut (3585 sp.daler), og nye eigarar, under leiing av Johannes P. Skeide, fekk igjennom at kyrkja skulle flyttast til Vik sommaren 1878. Gjert Lien frå Nordfjord var byggmeister, og mykje av arbeidet vart utført på dugnad. Murmeister Bernt Myrene hadde året før sett opp grunnmuren. Kyrkja vart no noko større (sakristiet omgjort til kor). Søndag 27. oktober 1878 vart kyrkja i Vik vigsla. Kyrkja er ei såkalla langkyrkje, med om lag 400 sitjeplassar. Altertavla er frå 1912 («Oppstandelsen», måla/dekorert av Christensen). Preikestolen (i tre) er frå 1878. Ei eldre altertavle frå den gamle steinkyrkja på Ulstein vart overmåla i midtpartiet i 1701. Innvendig dekor er utført av kunstmålar og folke-minnesamlar Johan Haddal. Byggestilen til kyrkja må seiast å vere empire (diagonalsprosser i vindauge, omramming av dør/portal o.a.). Meir informasjon om kyrkja finst m.a. i Rasmussen: *Våre kirker, Norsk kirkeleksikon*, samt i historieskriftet til 100-års-høgtida laga av Peder Fritz Waage.



To minnesteinar ved kyrkja:
- bauta over omkomne på sjøen, laga av steinboggaren Lauritz Dimmestøl. Emne frå ein stor stein sør for Gamlevegen.
- minnestein over dei som fall i krigen 1940 - 45. Steinen kjem frå Flostranda, nedanfor «Skipet».

Over:

Kyrkja sett frå vest. Ho ligg vakkert til langs Kyrkjegata, skilt frå denne med gråsteinsmuren oppsett av Wilhelm Ringstad i 1937. Steinane har kalkrestar frå gamlekyrkja ute på Ulstein. Opphavleg gjekk sjøen nesten inn til kyrkjegardsmuren. Det har vore viktig at kyrkja er synleg frå sjøsida, noko som skiftande reguleringsplanar har teke omsyn til. Derfor er det eit sterkt ynskje at vegetasjonen på rådhusplen framfor kyrkja blir uttynna. Preget på kyrkja med omginnader hadde også blitt betre med annan type gate-armatur. Ved hovudinngangen gjekk trappa opphavleg vinkelrett på inngangs-døra. Våpenhuset vart bygd på i 1968, hovudsakleg for å gje plass til toalett og bårerom. I samband med dette vart trappa snudd rett fram, slik biletet syner. Arbeidet med denne utvidinga vart utført av Johs. Thoresen. Handicaprampe (mot nord) kom til i 1983.

Over til venstre:

Kyrkja sett frå sør, mot Kyrkjegata. Kyrkja hadde ein inngang på denne langveggen, med tilhøyrande trapp. Grunna dren, gjennomtrekk og uro frå folk (eldre menn i nødvendig ærend) som gjekk ut og inn under gudstenesta - vart denne inngangen sett att.

Nokre definisjonar:

Kulturminne

- kan definerast som «spor etter menneskeleg verksemd».
- Kulturminne i denne rapporten vert avgrensa til å gjelde bygningar, anlegg som bruer, murar, kaier og vegar.
- Kulturmiljø er samling av kulturminne i eit samanhengande miljø.

Byggeskikk

- kan definerast på minst to måtar:
- Den gode måten «skikken» å bygge på (normativ).
- Summen av alt som vert bygt (beskrivande).



Arkitektur

- kan kort definerast som «byggekunst». Arkitektur har ofte element av byggeskikk i seg, men står friare i høve til denne.

Stil

Ein stil gir fellestrekk i utforminga av hus, møblar, klede - i større eller mindre grad i dei fleste designprodukt. Stiltrender (modernisme, postmodernisme) kan like eins sporast i dei fleste kulturuttrykk, som til dømes biletkunst, musikk og litteratur. Stilar i arkitektur er internasjonale, men får nesten alltid sine lokale tolkingar og tilpassingar, m.a. til lokal byggeskikk.

Dei følgjande sidene viser nokre arkitekturstilar som er representerte i området. Døma med illustrasjonar og karakteristikkar gjeld i hovudsak «vanlege» bustadhus som i større eller mindre grad er tilpassa lokal byggeskikk. Det er såleis viktig å merke seg at stilane som er representerte sjeldan er «reindyrka». Ofte var situasjonen at ein byggmeister bygde eit hus der han «lånte» element frå ulike stilartar og sette dei saman på sin eigen personlege måte. Akkurat slik vi ser den dag

	
<i>Empirestil set ein gjerne i samband med monumentalbygg som Det kongelige slottet i Oslo eller som her (utsnitt av) Jarlsberg hovudgard ved Tønsberg. Her er stilen reindyrka gjennomført med streng komposisjon, symmetri og bruk av klassiske element som greske søyler (helst dorisk), gavlfelt og bogar.</i>	<i>Før vanlege landsens hus avgrensar empirestilen seg til «empirevindauget» med sine knappe detaljar i omramminga. Ein sjeldan gong (helst nyklassisismen i mellomkrigstida) med bruk av gavlfelt over vindauget. Resten av huset er oppført i tråd med vanleg lokal byggeskikk.</i>

Empire

- keisarstil, etter keisar Napoleon

Tid:

Monumentalbygg (Oslo Børs, Universitetet, Slottet)

1810 - 1850.

Bustadhus - «bygdeempire»: 1830 - 1880.

Hovudform:

Enkel, monumental, symmetrisk. Knappe takutstikk. Av og til litt «swung» i takutstikk på raftsida. Taket kan også ha valm eller halv-valm.

Detaljar:

Enkle. Meir forseggjort på byhus enn på hus i bygdene. Enkelt profilert vassbord over og under vindauga (på trehus). Vassbord over vindaugene kan vere utforma som stilisert gavlfelt. Av og til imitert «kvaderstein» som hjørnekasser - også på reine trehus!

Vindaug:



Det typiske «empirevindaug» er to-fags med tre ruter i høgda.

Særleg kjenneteikn (på finare hus):

Diagonalstilte sprosser.

Fargar:

Avdempa, lyse (skulle av og til illudere murhus med utvendig puss).



Dome på «finare» empirestil:

Bjørndalhuset i Vikemyra.

Gnr. 8, bnr. 275.



Vikhuset i Petterbakken

Gnr. 8, bnr. 3, «bygdeempire».

Eldste delen av huset er opphavleg ei handelsbu frå Romsdal frå tidleg 1800-tal. Huset vart oppsett på noverande stad i 1858.

Det vart vidare oppussa i 1890-åra og 1986. Huset kan ha blitt «modernisert» og fått vindaugsdekor i sveitserstil i 1890-åra (jf. det som står om sveitserstil/ historisme).



Ulfsteinhuset i Kyrkjegata / Geileneset

Gnr. 7, bnr. 93.

Eldste delen flytta frå Romsdal før 1872. Huset har typiske empire («bygdeempire») vindaug og dekor. Dette kan huset ha fått då det vart oppsett på sin nye stad i Ulsteinvik.

Sveitserstil

- omfattar også historisme og drakestil/ nasjonalromantikk.

Tid:

Byar; offentlege bygg: frå ca 1830.

Bustadhus: mest vanleg frå ca 1870 til 1920.

Stilen er svært mykje brukt på vanlege bustadhus, i mindre grad på større offentlege bygg.

Form/volum:

Regelmessig. Ofte symmetrisk. Kvadratisk, høgreist. Ark og/ eller glasveranda mot sør. Store takutstikk.

Detaljar:

Rik dekor (på svensk: «snekkargledje»). Sveitserstilen er ofte oppblanda med historisme; nygotikk, etc., drakestil i «nasjonalismetida» rundt 1905.

Vindauge:

Ofte krysspост og T-post. Kraftig «3-dimensjonal», rik dekor rundt vindauge og dører.

Fargar:


Eksteriør: varierende. Tidleg jordfargar, seinare to-farga, lysare.

Interiør: ofte sterke fargar (kongebliått og purpur var ofte brukt rundt 1905 - tida med unionsoppløysing og sterke nasjonale kjensler).

Generelt:

Sveitserstilen representerte eit staseleg brot med dei vanlege, nøkterne og enkle husa frå forrige århundre, der til naud hovuddøra med omramming og vindaugsomramminga kunne ha noko som likna på dekor og element frå «den fine verda».

Sveitserstilhuset representerte noko nytt, flott og heilstøyp. Dette tiltalte mange og førte til at ei mengde hus enten vart moderniserte, påbygde med m.a. brattare tak og større takutstikk, eller vart bygde nye.



Gnr. 8, bnr. 21. (Dimmen). Typiske vindauge i sveitserstil er krysspост (som på dette huset) eller T-post, dvs. at dei øvste rutene er slått saman til ei. Karakteristisk for begge er det kraftige vassbordet borte av dekorerte konsollar (knektar). Sideborda er avslutta nede med «dropeform». Under vassborda over og under vindauget var det som regel eit dekorert bord. Form og detaljar i dekoren kunne variere mykje og snikkarane fann ofte sine personlege variantar og uttrykk.



Almehuset ved Reiten

Gnr. 7, bnr. 656.

Huset vart oppført i 1902, og har enno umiskjennelege trekk av sveitserstil, særleg det rikt dekorerte ganfeltet i baldakinen mot søraust.

Huset hadde tidlegare eit bislag mot vegen.

Jugend

Tid:

1895 - 1915. Jugendbyen Ålesund hadde stilmessig stor påverknadskraft i vårt distrikt.

Hovudform:

Enkel, monumental, asymmetrisk. Knappe takutstikk. Asymmetrisk plassert ark. Ofte tak med halv-valm.

Detaljar:

Enkle, organiske mønster. Trehus oppblanda med andre stilar; gjerne sveitser/historisme og seinare nyklassisisme.

Vindauge:

T-post, krysspост med flatboge. Som regel småruta vindaug i dei øvste faga.

Fargar:

Avdempa, lyse (skulle av og til illudere murhus med utvendig puss).

Generelt:

Jugendstil kan litt forenkla seiast å vere ein stil som avløyste den etter kvart «elleville» historismen rundt det føregåande århundreskiftet.

Bruken av klassiske element i stadig meir fantasifulle og overdrivne former, vart etter kvart både trøyttande og kjedeleg.


Jugendstilen med sine rolege flater og nye dekorformer - ofte «swungne» liner som stiliserte planter - verka befriande i høve til dette.

Den eigentlege karakteren til jugendstilen kunne best uttrykkast gjennom mur- og pussarkitektur. Men stilen fekk så sterk gjennomslagskraft at han også vart uttrykt gjennom trearkitektur. For Sunnmøre er Ålesund jugendstilbyen. Men svært mange av jugendhusa i Ålesund er blanda med andre stilinnslag, kanskje først og fremst historisme og nasjonalromantikk (hugs at planlegging og oppføring gjekk føre seg om lag samtidig med unionsoppløysinga 1905).

I Ulsteinvik er jugendstilhusa trehus.



*Huset på gnr. 8, bnr. 12
(Henriksen).*



Eitt av dei reindyrka jugendstilbusa i Ålesund er «Enkefru Devolds villa» i Einarvikgata, teikna av arkitekt Schytte-Berg. Huset har dei fleste kjenneteikna; dekor i form av plantemotiv, «swungne» liner, flate bogar og dei typiske jugendstilvindauga.

Nyklassisme

Tid:

Om lag 1910 til 1930.

Hovudform:

Varierende; både symmetrisk og asymmetrisk; avhengig av utgangspunktet.

Ofte valmtak - halvvalm eller «mansard»- tak, dvs. der ytste delen av valmtaket er brattare enn den inste. I den bratte delen er det innsette vanlege vertikale vindaug. («Gamleposten» Vikemyra 25, side 85).

Detaljar:

Karakteristisk er bruk av «klassiske element»: søyler, arkadar (søylerekker) bogar, loggiaer (bogerekke) og gavlfelt.


Vindauge:

Krysspост, gjerne fleire fag. Av og til bruk av friser og gavlfelt med varierende form over vindauget.

Fargar:

Lyse og duse. Ofte grønmala dekor og «staffasje» rundt vindauga. Alternativt kunne hus med nasjonalromantisk klassisme vere raudmåla.

Medan stilretningane ute i Europa i starten på århundret og i mellomkrigstida i sterkare grad søkte mot nye, reine og enkle uttrykk, hadde ein her i landet etter unionsoppløysinga behov for å ut-trykke den nye fridomen gjennom ein norsk og nasjonal stil og arkitektur. Svaret fann ein i stor grad på nytt i dei klassiske formene og motiva, omdikta til nasjonale og lokale, personlege uttrykk. Den nye klassismen kom difor til å få stor gjennomslagskraft både i landet og i distriktet.



Huset på gnr 8, bnr 19 (Haddal).

Vindauge med stilisert, klassisk frise i ei eller anna utforming over, er relativt sikkert teiken på at huset stilmessig kan tilhøyre det ein kan kalle nyklassismen.



Huset til Martin Ulstein (gnr. 7, bnr. 68) frå rundt 1930 i nyklas-sisistisk stil («ny-empire»). Arkitekt, J. Osnes.



Huset har fått større ark på loftet og ny farge. Framleis er stilrekka intakte. Foto frå ca 1930 og 2003.



Huset på 7/21 (Osnes). Element av historisme og jugendstil (asymmetrisk fasade). Ein har valt å kalle det nyklassisme på grunn av bruk av bogar og frisefelt over vindauga. Loggia (tilbaketrekt bogegang) og veranda (uteplass med rom under). Latinske namn avslører at dette er importert arkitektur.

Art decoratif

Tid:

Frå slutten av 1920-åra til 1940. Uttrykket «art deco» vart lansert i 1960-åra og gav fornya interesse for stilen.

Hovudform:

Enkel, regulær, symmetrisk.

Detaljar:

Forfina, elegante, frie liner. Ei form for vidareføring og modernisering av jugendstil og klassisisme. Bruk av klassiske motiv til dekorasjon. Bruk av «moderne» materialar.

Vindauge:

Funkis/krysspost.

Fargar:


Lyse, duse.

Generelt:

Stilen var ein raritet i brytningstida mellom nyklassisisme og funkis/modernisme rundt 1930.


Sjeldan i Noreg (finst døme i Oslo sentrum).

Interessant at han kan finnast i Ulsteinvik.



Gnr. 8, bnr. 68, 130; Fredriksenhuset i Vikemyra.

Funkis hovudform med påsett dekor – stiliserte klassiske hjørnepilastrar i 1. etasje. Stilen er lite utbreidd, men vi tar den med likevel fordi den er representert i Vikemyra!



Toppen av Chrysler Building på Manhattan, NY (van Alen) er kanskje den internasjonalt mest kjende bygningen i art deco.

Art deko-arkitekturen kan ta mange retningar; slektskapen med Fredriksenhuset skal ein ha ein god porsjon fantasi for å sjå.

Funkis - etterkrigsmodernisme

Tid:

Funkis internasjonal frå ca 1930. Lokalt 2 - 3 år seinare. Etterkrigsmodernisme i gjenreisingstida, meir tilbake til tradisjonelle, byggeskikkbaserte hovudformer, men med moderne detaljar.

Hovudform:

Enkel. Flate tak på større bygg. Valmtak med slak takvinkel på mindre bygg.

Detaljar:

Knappe detaljar i gesimsar og vindaugsomraming. Vindauga ofte plasserte nær hjørna på funkishus, noko som gav «oppløyste hjørne».

Vindauge:

(Funkis) Store ruter. Ikkje horisontal oppdeling. Vertikale postar delte vindauget i fleire fag. Ulik breidde på faga.

Fargar:

Lyse, duse. Mindre innslag av klare fargar med stor fargemetting på enkelte felt både ute og inne.



«Ekte» funkis i Kyrkjegata (7/72). Byggherre Jon P. Hasund. Trekonstruksjonen gjorde det enkelt å sette vindauga heilt ut mot hjørnet.



Kyrkjegata (7/149). Byggherre Jan Remo. Dome på enkel funkis i mur. Murverket gjorde at vindauga vanskeleg kunne stå heilt ute mot hjørnet som på «ekte» funkis.



Modernisme frå 1950-åra. Kyrkjegata (7/159, 226). Byggherre Gerhard Djupvik. Enkle, gode, kompakte hus. Oppførte i «hundretals» i distriktet. Nyare modernisering med tilbygg og verandaer er praktiske, men kanskje ikkje alltid like vakre.



Huset til Nils Kasper Waage i Kyrkjegata (7/159) vart bygd i 1949. Lokalt, byggeskikktilpassa modernisme.

Modernisme/postmodernisme

Tid:

Frå 1970-åra til i dag.

Hovudform, detaljar, vindaug, fargar m.m. er uråd å beskrive i kortform fordi dei er så mangfaldige.


Modernisme:

Omgrep som meir vert brukt om retning enn stil. Samleomgrep som gjeld alt det mangfaldige moderne frå etterkrigstida til i dag.

Postmodernisme:

Frå 1970-åra til i dag. Bruk av historiske (klassiske) former i nye samanhengar.

Også nemning på vår tids nostalgiske bruk av sveitser- og jugendstil i nye hus. Dei to retningane representerer motsetningar og ytterpunkt i dei mote- og stilmessige «pendelsvingingane».



Gnr. 7, bnr. 32, Kyrkjegata (Garnes).

Djerv modernisme frå slutten av 1960-åra. Brot med lokal byggeskikk. Huset er enkelt, praktisk og funksjonelt. Første reaksjon er vel at dette huset neppe tar særleg omsyn til «bygde omginnader» slik lona krev (Pbl § 74.2). Ved nærare ettertanke må ein kanskje vedgå at dei populære sveitserstilhusa rundt det føregåande hundreårskiftet ofte representerte eit like stort stilbrot med lokal byggeskikk som huset over.



Postmodernisme frå slutten av 1990-åra: Næringsbygget til Brudevoll. Valmtak og gavlmotiv er klassiske. Oppdelinga av veggflatene i store, reine felt og store, samanhengande vindaugsfelt er, saman med materialbruken, moderne.




Dette forretningsbygget i sentrum frå 1970-åra er tilbygd i 1990-åra. Opphavet til venstre er moderne, tilbygget til høgre kan vi, ved å tøyse omgrepet noko, kalle postmoderne, jf. valmtak og snev av gavlmotiv.



Det nyaste forretningsbygget i sentrum; Blåhuset (2001); er umiskjennleg moderne: Flatt tak med tynn gesims, store, reine flater. Farge og materialkontrastar mellom solide, massive murskeiver og «lette» felt med glas og metall.

Korleis hus kan ha endra seg gjennom åra

- Warholmgarden, gnr. 8, bnr. 8, Vikemyra. (Eigar: Elsa og Jarl Brandal)



1895

Hovudform:
Kysttype,
1½-etasje,
6x12 meter
grunnflate. Knappe
takutstikk.
Grunnmur:
Tjukk (0,7
meter) gråstein.
Kalkmørtel.
Utvendig kledning:
Liggande,
enkelfalsa.
Farge:
Raud, linolje/
tranmåling.
Taktekking:
Torv eller skifer.



1905

Hovudform:
Framleis empire; i 2
etasjar.
Grunnmur:
Tjukk (0,7 meter)
gråstein. Kalkmørtel.
Utvendig kledning:
Liggande,
dobbel-falsa, profilert?
Farge:
Oker/ tranmåling.
Taktekking:
Teglstein



1970

Hovudform:
Som 1905. Altan
mot sør. Større
takutstikk.
Grunnmur:
Tjukk (0,7 meter)
gråstein. Ny puss.
Utvendig kledning:
Ståande,
tømmersmanns-
kledning.
Farge:
Rand dekkbeis.
Taktekking:
Hollandsk
pannestein.



2000

Hovudform:
Som 1970.
Grunnmur:
Tjukk (0,7 meter)
gråstein. Ny puss.
Utvendig kledning:
Ståande,
tømmersmanns-
kledning.
Farge:
Lys oljemåling.
Taktekking:
Hollandsk glasert
pannestein.



Illustrasjonane viser korleis eit hus har blitt endra i tråd med skiftande behov og oppfatningar over ein periode på ca 130 år. Døme på dette finst det fleire av innanfor planområdet. (Ein manglar dokumentasjon frå perioden mellom 1905 og 1950.) I utgangspunktet er dette interessant. Kvar epoke i huset si historie representerer ein kulturhistorisk verdi. Tilbakeføring til tidlegare utsjånad er berre aktuelt dersom tidlegare preg kan

grundig dokumenterast, og dersom seinare moderniseringar kulturhistorisk og estetisk fullstendig har øydelt huset. Ved den siste moderniseringa - på 1970 talet - til eldre preg, hadde det likevel vore ynskjeleg å gi huset eit preg av tidlegare utsjånad.

Kan modernisering også være rehabilitering?

- Gamleposten, Vikemyra 25. (Eigar: Solfrid og Arnljot Myrene)



«Gamleposten» ligg ved Vikeelva, og vart bygt som bustad og postkontor ca 1920. Huset er teikna av arkitekt W. Carlén i nyklassisistisk stil med islett av nybarokk. Slank, høg huskropp og mansardtak gir stort volum i 3 etasjar + tørkeloft.

Materialar: reisverk, liggande bordkledning, skifertak, krysspostvindaug. Innv. 2,1/4 toms fas- og perlepanel og tapet, målarstrie og gipsrosetter i 2. etasje, måla golvbord.

1. etasje hadde postkontor og ekspedisjon langs heile fronten, matbod og vaskekjellar i bakkant. Poststyraren med familie budde i etasjane over. 3. etasje var gjerne utleigd til familiar eller hybelbuarar og tenestefolk.

Posten vart flytta i 1957 og 1. etasje vart innreidd som utleige-hybel.

I 60-70-åra vart huset modernisert. Store vindaug, nedsenka takhøg i 1. og 2. etasje (himlingsplater) og garasje med to soverom over vart bygt til. Kvalitetane frå det opphavslege vart delvis skjult under «70-talsmoderniseringa».

Eit ynskje om å føre «Gamleposten» tilbake til opphavleg identitet vart realisert av nye eigarar i 2003-04.

All kledning vart erstatta med ny, i same dimensjon som den gamle, og påført grunning og oljemåling. God luftning mellom reisverk og kledning ga mulegheit til etterisolering.

Alle vindaug vart erstatta med krysspostvindaug etter mål av dei opphavslege.

Ytterdøra frå 1970-åra vart erstatta med ei tofløya dør, rekonstruert etter den gamle arkitektheikninga.

Mønt tak på tilbygget vart ombygd til takterrasse og eitt av soveroma vart til overbygd veranda. Kopi av rekkverk frå inngangspartiet vart nytta i samband med den overbygde verandaen og takterrassen.

Pipene vart fora med fleksible stålrør og fekk dermed behalde si opphavslege retning med skeiv muring på mørkeloftet og

utstikk midt i mønet. Skifertaket var enno i god stand og vart behalde, men takbeslag og vannbord vart utskifte.

Nokre dører frå 1970-talet vart erstatta med fyllingsdører i same stil som dei opphavslege. Nedsenka himlingar vart fjerna, innvendig listverk og panel vart kopiert frå 3. etasje som var intakt. Innreiingar på kjøkken, 2 bad- og vaskerom vart fornya, saman med el- og røranlegg og andre tekniske installasjonar.

Prosjektet «Gamleposten» er eit døme på at modernisering også kan kombinerast med å gjenskape ein dokumenterbar identitet.



Bygningselementa som gir direkte kontakt med historia

- Eksteriorantikvitatar



Middelalderlaft

Detalj frå den gamle borstova («borgstova») i Vikgarden (gnr. 8/ bnr. 3).

Stova er mest sannsynleg frå 1700-talet og har blitt flytta fleire gonger før ho kom til noverande stad.

Truleg ei av dei aller eldste bygningane i området.



Gammal kledning

«Bakeriet». (gnr. 7, bnr. 93) og løa (gnr. 8, bnr. 408).

Kledningen ber spor av flytting og gjenbruk. Borda er jamt over breie og med god materialkvalitet. Nokre er enkle utan fals, andre har høvla profil (staff). Ein krok står att og fortel om oppheng av ei tørkesnor, på løveggan er nokre velbrukte båtbord innsmette. Hola er kanskje spor etter test av ein nykvesst navar. Preg av «tidens tann», slitasje av ver og vind vitnar om nøysemda i ei tid då «bruk og kast-mentalitet» var nesten ukjent; ei tid då saga og høvla material var ein dyr ressurs, medan arbeidskrafta var relativt billig.

Med eit visst vedlikehald kan desse borda stå i hundre år til - minst.

Erstattar vi borda med nye, misser veggan og dei gamle husa den kanskje viktigaste eigenskapen: Alderspreg, direkte nærkontakt med, og synlege spor etter historia.



Petter-Rasmusløa, «Trillenløa» (gnr. 8, bnr. 112,27) er, og har i uminnelege tider, saman med gamle, velvaksne tre vore ein vakker «port» til sentrum i Vik når ein kjem Gamlevegen.

Dei kringflodde sjøbudene er minne frå ein kultur som la grunnlaget for vår tids storindustri. Enno held nokre stand mot utfylling og sanering. Også handelsnærings hadde sin fødsel i desse budene. I denne starta Ulstein Forbruksforening i 1873, og namnet er framleis «Foreiningsbuda».



Gamle vindauge

På søraustsida av «Sjotun» (Ulfstein, gnr. 7, bnr. 93) står eit vindauge som kan vere frå rundt år 1900. Vindauga er kanskje det elementet på eit hus som har mest å seie for estetikk og alder. Dette vindauget med synlege trenaglar og spor etter fleire omgangar med kittning, måling, skraping og atter måling, gir huset eit fint alderspreg.

«Ulsteinvikhuset» – finst det? (I)

Skal det peikast på ein hustype som kan kallast «Ulsteinvikhuset», må det bli denne hustypen i hovudsakleg jugendstil (asymmetrisk ark eller veranda, altan, rundboge, o.a.) med innslag av sveitserstil og nyklassisisme.

Tids- og ressursrammene for denne rapporten har ikkje tillate å lage ei grundigare undersøking av bakgrunnen for at så pass mange av denne hustypen finst i og nær planområdet.

Forklaringa kan vere at

- Hus med veranda og ark er staselege uansett samanlikning.
- Dette var smaks- og stiloppfatninga som rådde denne tida.
- Det kunne stå ein (eller fleire) lokale byggmeister(ar) bak som hadde utvikla ein fin, lokal variant av dette stilhuset.
- Hus frå denne tida vart bygde med god standard og materialkvalitet og dei har difor «halde seg godt».

		
<i>Gnr 8, bnr. 18, Vikhuset, Vikemyra.</i>	<i>Gnr. 7, bnr. 21, Kyrkjegata.</i>	<i>Gnr. 7, bnr. 33, Krushammarvegen (utanfor planområdet).</i>
		
<i>Gnr. 7, bnr. 108, Krushammarvegen (utanfor planområdet).</i>	<i>Osnesvegen (utanfor planområdet).</i>	<i>Gnr 7, bnr. 12, Vikemyra.</i>

Hustypen er nok forholdsvis kostbar, men så vidt vi veit, var det ikkje berre velstående personar som bygde slike hus. Ei av forklaringane kan vere at i den såkalla «jobbetida» (ca 1915 til 1930) då desse husa vart oppsette, var det generell velstand både i Ulsteinvik og i landsdelen elles, sjølv om tida også var prega av arbeidsløyse og sosiale skilnader. Dei fleste husa er haldne i god «antikvarisk» stand utan større endringar. Dei endringane som er gjorde, har i hovudsak ikkje endra vesentleg på preget til huset. Bileta viser også eit anna interessant og gjennomgåande trekk ved hus innanfor området: Velhaldne og fint utforma murar, stakkittgjerde og portar. Det skal for ordens skuld leggst til at det frå denne tida også finst andre, enklare hustypar som kunne fortene namnet Ulsteinvikhuset.



Gnr 7, bnr. 19, Kyrkjegata.



Gnr.7, bnr. 72, Kyrkjegata.



*Gnr. 7, bnr. 73, Krushammarvegen
(utanfor planområdet).*



*Gnr. 7, bnr. 108, Krushammarvegen
(utanfor planområdet).*



*Gnr. 7, bnr. 165,
Krushammarvegen.*

«Ulsteinvikhuset» – finst det? (II)

Det finst også ein annan variant som med rette kan kallast «Ulsteinvikhuset». Dette er ei enkel tømmerstove med liggande kledning, som oftast 4 krysspostvindaug i front, og inngang i endeveggen. Typisk for dette huset er slektskapen til den klassiske Sunnmørsstova, men desse «Ulsteinvikhusa» hadde høgare knevegger og rom på loftet.

Dette er hus som i hovudsak vart bygde 1890 - 1910.



*Huset til Petrus Mork, noverande eigar, Lilly Vik, ein klassisk representant for denne typen «Ulsteinvikhus».
Huset ligg ved Reiten. Foto ca. 1910.*



*Gnr. 8, bnr. 48 - Fløhuset, eller Krukkehuset som det heiter i dag, er ein representant for det enkle «Ulsteinvikhuset». Det vart bygt både større og mindre bus av denne typen. Loftsrom var ofte utleigd til teneste- eller arbeidsfolk.
Dette huset hadde rosemåla detaljar innvendig. Foto ca 1910.*

Schmidt-hus i Ulsteinvik?



Gnr. 7, bnr. 34. Huset fotografert i 2003. Huset skal vere bygt i 1916 eller 1917. 3. etasje fekk si endelege form i 1922. Huset var oppsett av svenske arbeidrarar som var med og bygde kraftstasjonen i Ulsteindalen. Denne tida var det fleire som fekk oppført såkalla Schmidt-hus. Bakarhuset har preg som kan tyde på at ein var inspirert av denne byggestilen.



Rekonstruksjon av tidlegare utsjånad på huset, fram til om lag 1970. Rekonstruksjonen (detaljar er usikre!) byggjer på glimt av huset på eldre fotografi frå Ulsteinvik. Den farga kvadersteinen vart etter det ein kan sjå overmåla rundt 1970. Huset har fått delvis nye vindauge og dører, og nytt rekkverk.

Henrich Wilhelm Schmidt (1867 – 1947):

Kom til Sunnmøre og Sykkylven frå Tyskland etter at Ålesund brann 1904.

Murmeister og arkitekt.

Bygde opp omfattande verksemd med sandtak, sementvarefabrikk, kalkomn o.a. på Aure i Sykkylven.

Førde opp «ei mengde» hus, både privatbustader og forretningsbygg i gjenreisingsbyen Ålesund.

Bygde fleire hus i Skarbøvik i tillegg til fleire privatbustader med sitt spesielle preg både i Sykkylven, Stranda, Eidsdal, Norddal, Valldal, Stordal, Dalsfjord (Volda).

Har bygt søndagsskulehuset på Roald, Vigra.

Bygde fabrikk og kontorbygg for Gerhard Voldnes, Fosnavåg.

Særleg kjennemerke var produksjon av gjennomfarga sementstein som vart brukt til å skape den særmerkte dekoren på husa. Sjå foto av huset i Eidsdal.

(Opplysningane over byggjer på artikkel i Tidsskrift for Sunnmøre Historielag 1989 - som igjen byggjer på artikkel i Sykkylvsbladet. I denne artikkelen er ikkje huset i Ulsteinvik medteke).




*Ekte Schmidt-hus i Eidsdal (Ytterdal).
Foto: Brit Hansen,
fylkeskonservatoren.*

Bygningsmessig mangfald i Kyrkjegata

Det kan kanskje vere freistande å sanere, harmonisere og estetisere slike miljø. Men når, og dersom, dette vert gjort, vil ein fjerne ein vesentleg historieforteljande verdi ved området. Gata og tettstaden vert fattigare på opplevingar.



Husa i den eldste delen av Kyrkjegata representerer eit fargerikt mangfald i alder, stilar, former, formål og uttrykk. Fleire hus er så godt som uendra frå 1800-talet, medan dei nyaste representerer 1990-tals modernisme. Eldre hus kan rehabiliterast og brukast til nye formål. Sjølv om dette kan vere kostbart, representerer alltid eldre hus ein økonomisk og bruksmessig ressurs som ein kan bygge vidare på. Huset til bøger, Central Hotell, vart rive i 2004.



Ein snarveg mellom to hus i Kyrkjegata. Her var vegen kort til naustrekka i Vikefjora. Utsikta til sjøen er diverre borte her, men desse lysglimta mellom busa er likevel viktige for gatemiljøet. Ein bør søke å oppretthalde slike gløtt med utsikt til «vannspeilet» i hamna også ved framtidige utbyggingar.



«Bakgård» ved Vikhaugen gjestehus. Uthusa representerer ei viktig side ved historia til Kyrkjegata. Det er difor svært ynskjeleg å ta vare på eit representativt utval av desse for ettertida. Disse miljøa fortel ein god del om korleis folk levde før.

Geileneset

Området er kanskje eldste kjernen i tettstaden Ulsteinvik. Med sin sentrale og strategiske plassering er det forståeleg at området opp gjennom åra har vore utsett for stort byggepress og gjennomgått svært store endringar, kanskje ikkje alltid etter ein heilskapleg plan.

Både kommunen og privatpersonar har likevel greidd å redde viktige hjørnesteinar i området. I tillegg til kyrkja, står Foreiningsbuda og Bakeriet på opphavleg plass frå 1800-talet. Av eldre hus, står framleis Johannesenbuda (flytta 30 meter), Snorrebuda og Forbruksforeininga.

Ein er nok innforstått med at området treng ein fornya regulerings- og byggeplan som kan «stramme opp» området, særleg vest for rådhuset. I ein slik plan må dei nemnde hjørnesteinane behaldast. I tillegg kan det vere på sin plass å vise fram fleire spor frå den eldste tettstaden, t.d. forteljing om starten på industrieventyret som har vore så viktig for kommunen - ei enkel smie i Vikefjora, seinare den vesle slippen ved Vågeelva.



*Rådhusplassen.
Mindre innslag av bilar i dette området hadde gjort det visuelle inntrykket betre.*



*Sjøfronten sett frå Storevikholmen. Dei 4 eldste husa i området, Johannesenbuda, Foreiningsbuda, Forbruksforeininga og Snorrebuda utgjer samla eit sjeldan fint kulturbistorisk miljø.
Lagerbygningen kunne vore fjerna, slik at Forbruksforeininga kjem til sin rett. Helst skulle hamna utvidast tilbake til busveggen under vindedørene. Snorrebuda, ei sjøbud, kunne også få betre og meir meningsfylt kontakt med sjoen enn tilfellet er i dag. Opninga som gjer at ein ser kyrkja frå denne vinkelen bør behaldast.*

Element som var med på å gi grunnlaget for etablering av tettstaden Ulsteinvik

Framveksten av tettstaden Ulsteinvik

- innafor ramma av denne rapporten - kan særleg forklarast gjennom følgjande faktorar:

- Vik. Herunder garden Vik, vika med nausta, budene og vorane, trafikk-knutepunktet Vikemyra og Vikeelva med viktige ressursar (vatn/kraft).
 - Kyrkja og vegen mot Ulstein/Flø (Kyrkjegata). Plasseringa av kyrkja i 1878, gamleheimen i 1889, bedehuset, sentrumsfunksjonane i første gatestrukturen - med bakar, ymse forretningar/buder (salt, korn, tjøre mm), arbeidsplassar knytt til sjøen og fiske, utleige av rom til arbeidrar og tenestefolk, ymse former for skyss, skyssstasjon, gjestgiveri, og postopneri sidan 1872.
 - Vågeelva og Geileneset. Konsentrert busetnad med kombinerte bustad- og forretningsbygg, mindre buder nytta til bakeri og småindustri (smie, garvbøteri, bødtker, skomakar), sjøbudene og landingsplass for båtar.
- Frå tida rundt 1905 og fram til 1930-åra ser vi fleire urbaniseringstrekk, som understrekar og forsterkar Ulsteinvik som bygdesenter:

- Kommunikasjonsknutepunkt; Haldeplassen, Sjøborg (dampskipsekspedisjon), telegraf, og begynnande biltrafikk, sjøverts transport (dampskip) kom over på veg, framveksten av Bøvingen.
- Kommunesenter med kommuneadministrasjonen på Sjøborg (eige herad frå 1916), hospiset, hotellet, samlingshusa Fredheim (1909) og det nye Bedehuset, flytting av prestegarden frå Dimnasund til Vik (1906), og to viktige skular: ungdomsskulen, no folkehøgskule, og realskulen.
- Auka handelskonsentrasjon - herunder slaktar (Brudevoll), fleire landhandleri: Hoels Enke, Forbruksforeininga (1872) Samyrkjelaget, ulike spesialforretningar som fotograf, bokhandel, hatteforretning, medisinsutal (apotek 1938), skomakar.
- Begynnande industri og modernisering av fisket. Elektrisk kraft frå 1917; viktig føresetnad for ymse industri. Første slippene med reparasjon og ombygging av båtar (Hatlø Verksted og Ulstein Mechaniske), fleire fiskebåtreiarlag med større båtar og buder, til dømes Snorrebuda, Bakkebuda, Joakimbuda og Ottesenbuda.
- Kraftig auke i talet på bustadhus. Fleire

arbeidsplassar, nye næringar, vekst i folketallet, tilflytting frå krinsane. Barneskulen vart flytta frå Halsen til Vik (1929).

I tida etter andre verdskrigen er det særleg to trekk som pregar tettstaden:

- Flyttinga av sjøfronten, utfyllingar som gav meir areal til sentrum (bruk av stein frå utsprenginga av dokka på Hatlø).
- Avviklinga av sjøbasert kommunikasjon og næring. Særpreget med vorane, pirane, bryggjene, budene og nausta forsvann. Skipsindustrien utvikla seg raskt, sevice- og handelsnæringa auka kraftig.

Saman med utanforliggende årsakssamanhengar - som nok er felles for mange tettstader langs kysten - kan dette vere noko av forklaringa på kvifor Ulsteinvik vart senteret i kommunen.

Ulsteinvik, 19.10.2004
Nils Ertesvåg



Foto frå 1930-åra. Rennande vatn (Vågeelva) og trygg (men grunn) hamn var viktige føresetnader for den første industrietableringa i denne delen av tettstaden. I fjøra bak dekksbåten ligg første slippet.



Vassdraga var ein viktig naturressurs og gav grunnlag for tidleg busetnad. Elvane har vore brukt til mange ulike formål, som energi, vassforsyning, resipient o.a. Ved Vikeelva var det farger, kvernhus og smie. Om hausten leia ein vatnet inn til store overvasshjul som ved reimdrift drog truskemaskinen (Petterbakken).

Kva stod på bordet?

Matkulturen på bygdene var prega både av inntekta og sjølvberginga som rådde gjennom ulike tidsepokar. Dette emnet ligg utanfor ramma for denne rapporten, men er likevel eit interessant dokument over våre forfedrars kvardagsliv, eit liv som på ingen måte var prega av «bruk og kast» i matvegen heller.

Her er ei interessant oversikt over kva som stod på borda i Ulsteinvik i farne tider, og korleis denne tradisjonsmaten vart tillaga.

Etter Knut J. Hasund, 1882 - 1976, av Asbjørg Hasund Grønmyr:

Litt om mat og matskikkar

Dei gamle (gamle folk i mine unge dagar) gjorde stor skilnad på sul og brød. Til sul rekna dei smør, kjøt, flesk og liknande.

Til brød, fyrst og fremst all mjølmatt.

Eg skal så godt eg kan freiste skrive opp dei ymse slags mat som var brukt i min barndom og (fyrste) ungdom.

Ein gardbrukar i dei dagar måtte so vidt råd var dyrke alt, eller det meste av den mjølmaten som dei trong i hushaldet.

Det var lite som vart kjøpt. Eg hugsar at far vanlegvis kjøpte ein sekk skala-bygg om hausten og dertil litt rug eller rugmjøl til jul. Seinare også til «fiska». Elles var det å bruka av det som vart avla på garden.

Buskapen fekk lite, eller inkje. Det einaste var grisen, når han skulle «gjøast» før slakting. Så fekk øyken litt på surpa (surpe: halm som var lagt i vatn, til det var blautt, for eksempel over natta).

Kyrne fekk også litt mjølsupe etter dei hadde kalva.

Storparten av korn som vart avla var havre, dessutan «hamlekorn», (blande-korn) og så «humel», bygg. Men det var stor skilnad på dei ymse gardane. Gode korn-gardar, gardar der kornet, særleg byggen voks godt, avla dei kanskje mest bygg, men elles heldt dei seg mest til havre og «humlekorn». Dei prøvde, så godt råd var å vere sjølvhjelppte, eller, kanskje ein må seie; til å greie seg so godt råd var med det dei avla på garden.

Alt korn vart turka og sammale (sammalt mjøl), på den vanlege gardskverna. Det vart så brukt til flatbrød, graut, supe og kaker (av kaker var det mest potetkaker som vart laga), til potetball og andre matrettar.



Mjølmat

Flatbrød

vart baka av havremjøl. Når mjølet var ferdig male, var det tid for å få baka flatbrød, «ha bakstedag», som dei sa. På bakedagane hadde ein jamnast 3 bakarar, leigde bakarar i tillegg til dei som var på garden, ofte var det gjort bytebakst. På bakedagane var ein oppe i otta, (heldt bakeotte). Bakstebordet, eit langt bord, der bakarane sat på ein lang benk som stod inntil veggen.

På omnen var ei stor bakstehelle/steikehelle, med plass til 2 – 3 leivar om gongen.

Karane knødde deigen, tok emne og stod for steikinga, slik at bakarane fekk sitje jamt ved bakstebordet. I mine barneår baka dei 2 dagar om hausten og 2 om våren, så snart ein var ferdig med vårvinna. Dagen etter det var baka og steikt vart det ettersteikt/ skjerpa. Så vart det lagra på buda /stabburet i stablar.

Flatbrødet vart brukt på ymse vis; Til «soppe», attåt «turrmat», slik som spekekjøt, spekeflesk, attåt steikt flesk, til «mylje» og til «smørbite», «havrebite» og mykje, mykje meir.

Graut

var mykje brukt. Det var nesten alltid graut til kveldsmat. Når grauten var kokt, auste dei den opp i eit eller fleire fat og sette den fram. Så sette dei seg kringom bordet og åt av same fatet, så mange som nådde i det. Attåt drakk dei skyr, «surmjølk til sul», ofte var det tettamjolk.

Ein tok då graut på skeia, stakk den i «sulkoppen» og åt. I særlege høve kunne ein få ei «smørauge» i, eller litt sirup, men det var ikkje vanleg til kvardags.

Grauten som var att vart vanlegvis oppattfjelga til «memorgås». Dei fjelga(varma) då mjølk, som ofte var syrna og «sprakk», så skeia dei grauten fram i og let den verte varma i mjølka.

Rjomegraut

Til fest og i særlege høve var det rjomegraut. Det var fast skikk å ha rjomegraut når ein var ferdig med ei vinne. Me hadde soleis: «Tjukkmegraut», «Slåttagraut» og «Skuragraut». Likeeins var det rjomegraut når ein var ferdig med ein dugnad, t.d. «Tekkagraut», når ein var ferdig med å tekke eit tak. Taktekking var vanlegvis dugnadsarbeid.

Ved bryllaup og andre festlege høver var det rjomegraut.

Potetball

Potetballen vart vanlegvis laga med talg eller flesk til feitt inni, men stundom kunne ein lage «Blindeball». Blindeballen var utan feitt inni, men då brukte ein smelta feitt til å dyppe ballen i. Kokt kjøt eller flesk attåt ballen var ikkje brukt i mine barne-, eller tidlege ungdomsår. Når eg var barn var det vanleg å ha ball kvar laurdagskveld. Ballen vart laga av raspa poteter, salt og mjøl og kokt i lettsalta vatn. Den vart mjukare og betre av byggmjøl enn av havremjøl, men ein måtte elles bruke det ein hadde.

Kaker

Då eg var barn var det nesten berre potetkaker som vart laga og brukt, men elles brukte dei lite kaker. Potetkakene steikte ein av kokte, knuste poteter, knadde samen med bygg- eller blanda-mjøl, banka, eller kjevla til runde, flare kaker som vart steikte på bakstehella. Desse kakene var ikkje gjæra. I særskilte høve, som til jul kunne, det vere at ein hadde settekakaker.

Settekaker

Settekakene var av rugmjøl, med gjær (ølgjær). Dei vart også steikte på bakstehella og snudde, steikte på bae sidene, som potetkakene. Den tid var det ikkje vanleg at ein på gardane hadde bakaromn. Seinare tok ein til å steika kakene i ei gryte i staden for på bakstehella. Då også vart kakene kvelva, som ei vanleg bakarkake. Leid på fekk mor ein «steikering», ein ring av platejarn til å leggje på bakstehella, og so ei anna bakstehelle over. Når ein so fyrte over og under vart det ein brukbar bakaromn. Etter kvart vart det vanleg at ein fekk komfyr med bakaromn i på kjøkenet, men det gjekk lang tid før gjæra brød vart vanleg kvardagsmat.


Lefse (løfse)

Lefse var mykje brukt. Til fest, i bryllaup og ymse andre lag, var dei sjølvskrivne, men dei var også mykje brukte elles. Til nistemat i «fiskja» var dei praktiske. Lefsene vart baka og turrsteikte. Etter dei var baka vart dei lagra i ein stabel på stabburet og når dei skulle brukast vart dei tekne inn, «degde» (dynka), «kliente» (smurde) med smør og om ein hadde råd, litt sukker, så vart dei ihoplagde to gonger, så dei vart på skap som ein fjerdedels sirkel. I bryllaup og lag, i ymse festlege samkomer, vart det framsett «mata»: Det var ei heil lefse, med noko anna brødmat opp på.

Ein kunne ikkje by ein vaksen mann anna (mindre) enn ei heil lefse.

Ogso til jul fekk me alle, kvar vår heil lefse.

Skulle det vera rett gildt, vart det laga «snikalefse». Når lefsa var steikt, vart den oversmurt med koe/ råmjølk, så lettsteikte ein den igjen. I «sniket» kunne ein skrive og «snirke», lage rosamønster. Dette vart ei pryd som me borna fekk vere med på og det likte me. Det var vanleg at me fekk skrive namna våre på kvar vår lefse.



Mjølkk og mjølkemat

Det var få eller ingen som selde mjølk, for det var ingen som kjøpte. Mjølka måtte stellast på garden og for det meste også brukast der.

Mjølka vart sila i ringer eller krusfat straks ein kom heim/, i hus med den. Ein måtte alltid hugse å «silau» skikkeleg, slå ein skvett reint vatn i mjølka. Mjølkinga eller fatet vart så sett opp i «mjølkestolen». Der sto den til rjomen hadde fløytt seg og mjølka hadde vorte sur.

Mjølkestolen var eit ope skap med forheng for. Eit slikt måtte vere i kvar bondestove. I stova var passeleg varmt so mjølka surna passeleg fort. Den hadde då vorte oppi «åfaleringe». Når mor ville gje oss noko godt, kunne ho gje oss ei «åfaleringe» til å ete, samen med flatbrød. Det syntest me var svært godt. Kom det framandfolk, kunne ein også bruke åfaleringe attåt maten. Men elles tok ein godt vare på rjomen, for den trongst til smør. Ein tok difor rjomen av mjølka og hadde den i «rjomestrukka» (seinare vart det brukt rjomekrukke). Nå var det godt at det var skikkeleg «silau». Den litle vass-skvetten vart liggande som eit tunt lag mellom mjølka og rjomen, så nå var det lett å skilje rjomen frå mjølka. Det hende me borna kunne få ei rjome-skei på «soppa», men skulle ein halde seg med smør, måtte ein ta vel vare på rjomen. Det var ikkje margarin å få kjøpt den tid, og elles kunne det vere godt å få selje ei «kor» smørmorka, skillingane var det ikkje så lett å få tak i.

Tettamjølkk

ei kulturmjølkktype, litt tjukk og seig, med frisk og syrleg smak. Tetten førde ein vidare ved å ha litt (ei skei) «tette» i botnen av ringa/fatet og så slå den nysila mjølka over, før ein sette den til syrning opp i mjølkestolen. Tettamjølkk var mykje brukt og ein måtte ta vare på tetten. Miste ein tetten, var det vanleg å gå til grannen å få ein liten skvett tette. Tidle-gare, før mi tid, var dei forsiktige med å gi (låne) frå seg tette. Dei var redde for at dei då gav frå seg mjølkelukka.

Smør

Når ein hadde samla passeleg mykje rjome og den var høveleg sur, vart kinna teke fram, rjomen hatt i og så vart rjomen kinna til smør og saup. Smøret måtte sjølsagt saltast, men finesalt hadde ein ikkje, så ein måtte bruke grovsalt og det måtte knusast, «nikast» sundt. Til dette hadde dei ei slett steinhelle og ein glatt-slipt stein. Saltstein og salthelle fanst på kvar gard, og var jamt i bruk, til omkring hundreårskiftet (1900).

Når smøret var stelt (salta, knødd), vart det lagt i dallar, i smørkanne, eller i smørform. Det som skulle seljast eller gøymast av til seinare, vart lagt i smørdallar. Ein måtte leggje til sides smør når ein hadde mykje, så ein hadde å ta til når ein hadde lite mjølkk. Smørkanna var eit lite stavkje-rald med utskore lok. Når ein fylte den med smør og trykte loket på, vart smøret mønstra(rosete) oppå. Skulle det vere rett «stas», som til høgtid og gjestebod, hadde ein det i smørform. Smørforma var laga av 4 fjøler, ei på kvar side og eit toppstykk – og botn under. Dei var samansette med pinnar så dei kunne takast frå kvarandre. Innsidene av sidestykka og toppstykket var utskorne med snirklar og rosamønster, på ymse vis. Forma fylte ein med fersk smør, trykte den godt til. Når ein tok formstykk frå einannen, stod smøret der utkrota og fint. Som sagt, når ein kinna rjomen, fekk ein smør og saup (kjernemjølkk) og av saupet kokte ein brødgraut.

Brødgraut

fekk ein ved å koke saupet, - køst og myse saman til det var innkokt og brunt, så hadde ein på mjøl til det var passeleg fast. Det hadde då god oSTEMak. Dette var vanleg å bruke som pålegg på brødet/kakene

Den som hadde lite mjølkk, og «fattig-folk», kunne ofte bruke tynn graut eller tjukk supe mjølkesupe som pålegg på kakene, for å spare på smøret.

Søst

Til høgtid og gjestebod var det søst. Den var kokt av søtmjølkk og sprengt med surmjølkk. Kosten og mysa kokte ein då saman til den var passeleg innkokt og brun. Ein kokte litt byggryn saman med mjølka, så den vart passe fast. På slutten av koketida hadde ein i rosiner og kanel. Dette var «festmat».

Mjølkk brukte ein elles på mange måtar. Mest var den brukt som surmjølkk, skyr, tettamjølkk, til soppe, men også til :mjølkk attåt brød. Soppe var flatbrød med surmjølkk på, som stod til brødet var mjuk. Det var mykje brukt. Var det kaldt kunne det vere «fjelga soppe». Då vart mjølka fjelga(varma) før ein slo den over flatbrødet.

Dravle

var sprengt mjølkk, (kost og myse). Det åt ein attåt maten, brødmat eller turrmat. Ein brukte elles skyr eller vanleg mjølkk i suppa/mjølkesupe og ein brukte skyr, ofte tettemjølkk, eller vanleg usyrna til grautasul.

Skryblende

brukte ein mykje i slåtten, særleg på slåt-teteigen. Då blanda ein skyr med vatn. Det var god «tyrstedrikk» å ha med på varme dagar.

Ost

kokte ein, både brunost (mysost og prim) og «surost».

Kjøsel og mjølkeost

Desse var laga av seig ost. Kjøselen var laga som «kake» og turka, så den kunne dei ha med som «nistemat», mjølkeosten vart laga i form. Denne osten var ikkje gjæra. Mjølkeosten vart skoren i skiver og ofte åt dei den med smør på. Den kunne i stort mun erstatte mjølmaten.

Syre

Syre var åt å gjekk av bruk då eg vaks opp. Den vart laga av mjølke-sòd (myse), og var så sett til surning.

Når ein hadde mykje mjølk (til overs) laga ein gjerne syre av noko, så hadde ein å ta av seinare, i tider då ein hadde lite mjølk. Syre brukte ein i supe, og framfor alt til syreblende som drikke.

Ein syrekagge med syreblende var ofte den vanlegaste og viktigaste drykken ein hadde med på sjøen. Eg veit det ikkje i brukt i mi tid. Me brukte å ha med oss skyrblende på sjøen.



Kjöt, kjötmat og flesk

Omlag all slakting vart gjort om hausten. Då slakta dei sauene og geitene som dei ikkje ville «setje på» (vinterfø). Så også med storfe/ kyr. Det som ikkje skulle påsetjast, vart slakta om hausten.

Då måtte ein forsyne seg med alt ein trong av kjöt til heile året. Hadde ein noko til overs, kunne ein selje litt, men her var ikkje mange som kjøpte, så det var ikkje lett å verte av med noko, og heller ikkje mange som hadde noko å unnvere.

Sist i barneåra mine tok «Bondeslakta-ren» til å kjøpe kyr, slakta dei og selde kjötet og huda i Ålesund. Avfallet kunne bonden få kjøpe att for «ei billeg penge». Ei tid dreiv dei å selde levande sauer til England. Dei skipa dei levande til slakting i England.

Men, det vart brukt mykje kjöt heime.

Saueslakt

Beste saueslakta var gjellverar. Det var verar som var gjelda som lam; og så fora 2-3 vintrar. Dei vart då kalla storverar og var feite og fine. Ein la vinn på å ha mange slike til slakt. Skikken med gjellverar heldt seg på somme gardar til ut i 1930-åra, men har i det siste gått nesten ut av bruk.

Geiter

På dei fleste gardane heldt dei geiter i «gamle dagar». Då eg var barn var det å tok slutt, men i indre delen av heradet (kommunen) har det halde seg til nå. Så vitt eg veit var geitene her i Ulstein berre brukt til kjötproduksjon.

Storfe

Då eg vaks opp, var det ikkje vanleg at folk tok kuskakt til seg sjølve, men eg hugsar at det vart gjort her på garden. Kjötet av både sau, geit og kyr vart stelt med tanke på god oppbevaring. Noko vart salta og noko hengt opp til spekekjöt.

Det som skulle vere til spekekjöt brukte far å leggje på ein «Dryfting» og salte litt

på. Der låg det nokre dagar og so hengde han det opp på ein luftig stad til turking. På buda-loftet (stabbur) var det god turk, med opne glas/vindaugo og alltid gjen-nomtrekk.

Spekekjöt vart mykje brukt som nonsmat med poteter og flatbrød til, stundom i speke og andre tider steikt, ofte på «spik» over glørne i omnen.

Saltkjötet brukte dei å koke. Etter at kjötet var utvatna kokte ein det, kokte poteter og rabbe(kålrot). So åt me: kjöt, poteter, kålrot, hadde flatbrød til og drakk kjötsødd (krafta) til.

Det vart ofte kokt kjötsødd. Då kokte dei kjötmølar, hadde i skrella poteter, rabbe, gulrot og kanskje ogso timian.

På kva av desse måtane dei kokte kjötet, så fløyte dei av kjötfeittet. Det vart brukt når dei lage mylje.

Mylje

Mølje laga dei slik: Dei tok flatbrød/havrebrød, la det i eit fat og slo på kjötsødd. Dette stod til brødet var blaut, so skira (hella) dei av søddet og slo på flytande kjötfeitt. Hadde dei lite av kjötfeitt, såg eg stundom at dei hadde på litt smelta talg, blanda med kjötsødd.

So åt dei dette, ofte med poteter til. Dette var ofte ei eit «særskild/ekstra» matmål, mellommat, eller forrett. Kjötet, eller kjötsødden var neste «matmålet».

Mør

Av slakta nytta dei so og seie alt. Hjerter, nyre, tendra (mellomgolvet) og anna avskorkkjöt vart brukt i møren. Kjötet til møren kalla dei saksamat. Dei hadde då kjötet i ei «saksabrye» og hakka det med ei øks til det var høveleg finhakka, salta det og hadde det i mörnganne (tarm); «Dei føyla mør», sa dei. For å halda ganna utover so dei lettare kunne få mørdeiga i ganna, brukte dei handtaket på ein lykel. Til ganne brukte dei feittarmen (endetar-men) av sau. Av kyr brukte dei tynntarmen. Gannene/tarmane vart godt reinsa. Hadde dei meir tarmar enn dei trong med det same, reinsa dei tarmane, bles dei opp og hengde dei til turk for bruk

seinare, for eksempel når dei slakta gris. Møren vart hengt til turk, men den som skulle vare lengst vart lagd i saltlake og utvatna før den vart kokt.

Hauda/hovuda

tok dei vare på. Saudehauda vart salta eller turka. Desse kokte dei, laga mylje av krafta, og åt kjötet. Dette kjötet var svært godt og vart ete som anna kjöt.

Av kalvehauda kokte dei ofte *kalveplukk*.

Kalveplukk

vart laga slik: Det reinsa haudet vart lettkokt, kjötet plukka av og småskore. Samen med eit par raspa poteter, litt mjølk, byggmjøl og salt vart det laga ei laus deig som vart fylt i ein smal pose sydd av lerret, vart så kokt/trekt på svak varme i krafta som haudet var kokt i.

Føtene

tok dei også vare på. Dei vart godt reinsa og kokte. Så åt dei kjötet som var på dei, saman med poteter og brød, - og, som dei sa: «Dei åt alt som for tennene gjekk».

Talga

Netja salta dei og rulla den i hop med den var varm. Den brukte dei til feitt i blodpølser og anna blodmat og til feitt i potetball m.m. Småtalga og bringesaksa reinska dei godt, tok ut alle eitlane, bråna den og fylte den i fat. Dei tok ei høveleg vidje å sette i. Når talga var storkna, sat vidja fast og den kunne so hengast opp etter vidja på stabburet. Dette kalla dei ein «talgabotn». Talga vart brukt til å steike i, til bråna talg på fisk, til potetball og mykje anna.

Skræde

Når småtalga som ein fann ymse stader på slaktet og bringesaksa var bråna og sila, låg skrædene att i silekledet. Dette sprøsteikte dei og åt med flatbrød eller poteter til. Dette var god mat. Somme brukte også å koke ein slags graut av skræder, litt anna innmat, salt, mjøl og vatn; «Skrægraut», men det veit eg ikkje vart brukt hjå oss.

Blodet

Av blodet laga dei fyrst og fremst blodpølse. Til ilåte (pose) for pølsa brukte dei mange delar av vomma og tarmane; det var hua, botnen, venstra, tjukktarmen og votten. I pølsa brukte dei byggmjøl og dei brukte ha rikeleg av småskore talg i den.

Av blodet laga dei ogso blodball og blodkaker.

Grisen

Når det leid framimot jul vart grisen slakta. Då var han gjødd og feit. (All slakting, både av sau, kyr, geiter og gris måtte gjerast på veksande måne. Ein måtte ogso klyppe sauene på veksande måne. Dette passa dei nøye på, men dette har eg skrev om anna stad.) Grisen vart lema (oppdelt) og nedsalta. Skinkene, bøgrene og sideflesket vart tekne oppatt etter ei tid i saltlake, når dei var passeleg salte. Dei vart opphengde til speking.

Flesket vart brukt både som kokt, som steikt og som spekefesk.

Av saksamaten (ymse småkjøt og innmat) vart laga grisemør.

I grisemøren brukte ein blande grisekjøt, fesk og gjerne litt anna kjøt, helst kalvekjøt, slik at møren vart passe feit. (Eg trur mor brukte ha litt potetmjøl i den. Potetmjølet var heimelaga).

Ribbene vart gnidde inn med salt og pepar og opphengde; Dei skulle brukast til julaftansteik.

Ribbesteik måtte det vere både julaftan, nyttårsaftan, trettandedag og helst ogso tjuandedag-aftan og kyndelsmess-aftan, enten av svin, sau eller geit, etter som ein hadde det.

Syltelabbar

Griselabbane vart skålda, godt reinsa og salta. Leid fram mot jul vart desse passe i speke og vart vanlegvis brukt til ein søndagsmiddag, saman med varme poteter og flatbrød smaka dette godt.

Syltafesk/grisehaud

Frå gamalt vart grisehaudet brukt som kokt til middagsmat, gjerne ein dag i jula, men etter kvart vart det laga syltafesk av det og brukt som pålegg eller som middagsmat.

Blodet

av grisen brukte dei til pølse og anna blodmat, same som blod av andre dyr. Til feitt brukte dei av istrehella. Den istra som ikkje vart brukt til pølsefeitt saks og bråna dei. Av denne istra laga dei «svinesmør».

Svinesmør

Svinesmør vart laga slik: Ein tok ister og høveleg mykje talg, så det vart passeleg fast. Alt vart bråna, elta saman og salta. Svinesmøret vart brukt som smørerstatning, til smørbete, attåt fisk, på potetkaker og mykje, mykje anna. Det var ikkje margarin å få då, so dei måtte lage sjølv det dei trong.

Skræa av gris vart brukte på same måte som skræa frå andre slakt.



Fisk

Eg vil her skrive opp nokre matrettar av fisk, slik dei vart tillaga og brukt i mine barneår:

Fersk fisk og livr (lever)

Attåt fersk fisk var jamnast brukt livr eller kams. Fersk fisk og livr vart tillaga og ete slik: Fisken vart skoren i høvelege store molar/stykke og kokt i lettsalta vatn. Livra vart reinsa og klypt i høvelege store molar og kokt for seg. Livra med feittet(trana) vart framsett i ei skål og fisken vart lagd på eit fat for seg sjølv. Attåt var brukt flatbrød. Når ein skulle ete, laga ein seg «livrebitar», det vil seie at ein tok livr og la på brødet, så brød over livra, så åt ein «livrebiten» med fisk attåt. Den som tykte om det, duppa «biten» i livrefeittet-skåla.

Fiskemokk vart også brukt til supe, fiske-supe og det smakte og metta godt.

Fersk fisk og kams

Kams laga ein til på denne måten: Ein tok livra, reinsa av hinna, tegene og kveisa, (om det fanst), kneip sund livra og elta i mjøl, (helst byggmjøl) til ei høveleg fast deig. Det måtte vere passeleg mykje livr i den. Kamsen skulle vere så feit som råd, men ikkje så feit at den kokte uti mokket (krafta). For å få det rette konsistens måtte ein gjerne spe med veske. Best var det å spe med skyr (surmjølk) eller med fiskemokk (kraft). Kamsen vart laga for hand, til runde, flate bollar og kokte i fiskemokket etter at fisken var oppteken. Kamsen vart salta, men eg veit ikkje om det var brukt noko slags krydder i den. Dette var den vanlegaste måten å lage kams på. Å bruke rå, raspa poteter i kamsen var kjent i Ulstein, men så vidt eg veit var det få som brukte det her, i allfall ikkje heime hjå oss.

Kamsen vart eten med fersk, kokt fisk attåt, eller om ein ikkje hadde råd til å bruke av fisken, brukte ein ferske, kokte torskehaud til. Torskehaud smaka godt samen med kams. Attåt drakk ein skyr.

Lever og fisk, og kams og fisk, er brukt i Ulstein enno, men ikkje så mykje som før.

Kamsehaud

Til kamsehaud tok ein helst småvorne torskehaud. Eg veit ikkje om haud av andre fiskeslag vart brukt.

Ein tok ut tokna og reinsa og vaska dei godt, fylte så i kamsedeigen og beste (sydde) attfor opningane. Så kokte dei den og åt med skyr til.

Kamsehaud har neppe vore laga dei siste seksti åra.

Torskehaud

var elles mykje brukt som folkemat, både ferske og salta. Skulle ein salte dei, vart hauda kløyvde. Toknene og skallen vart hogde vekk. På den måten kunne ein få leggje dei flate når ein salta dei.

Dette hadde dei å bruke utover våren.

Rogn

Rogna var verdifull til mat og vart alltid teke vare på og brukt, og den var fin og ikkje gøra. Den vart lagd i eit klede og kokt i lettsalta vatn. Den vart brukt både som pålegg på brød og attåt eit fiske-måltid.

Rute

Rute som det vart kalla her i Ulstein. Til rute brukte ein rå, god torskerogn. Ein tok av hinna og hadde rognøkorna (egga) i eit fat. Knødde i mjøl/ byggmjøl, til ei høveleg fast deig, laga dei og kokte dei om lag som potetball. Oftast hadde ein eit fleskestykke til feitt i kvar rute. Rutene åt ein med skyr til.

Rognkaker

Røre til rognkaker laga ein som til ruter, men røra måtte vere litt tynnare, om lag som til vaffelkaker.

Dei smurde bakstehella med eit fleskestykke, auste så på røre til passe store klattar og steikte dei på båe sider, om lag som sveler.

Om nokon bruker å lage rognkaker nå, bruker dei gjerne vaffeljern.

Magar

Så vidt eg veit, var det berre flatmagar som vanlegvis vart brukte her i Ulstein. Ein skar magen (symjeblera) av ferske torskeryggar, vaska og reinsa dei og salta dei i ein høveleg «strokk». Magane vart vanlegvis brukte utover våren og sommaren. Då vatna ein dei ut og kokte dei. Me brukte å lage oss «beta», smurde smør på flatbrød, la på magar og poteter. Hadde me nykinna smør, ferske poteter og magar var det svært god mat, og fekk me dravle eller mjølkesupe til, var det reine helgedagskosten.

Sildemylje


Når ein kokte fersk feittsild og der flaut feitt på møkket (kokevatnet) laga ein gjerne sildemylje. Sildemylje vart laga om lag som kjøtmylje (sjå tidlegare omtala). Ein la flatbrød i eit fat, slo på silde-møkk (kraft). Når brødet var passeleg blautt, skira (sika) ein av møkket, hadde på sildefeitt og åt det.

Elles vart fisk brukt på ulike måtar, som saltfisk, klippfisk, bokna eller turka.

Til klippfisk vart det brukt torske, som etter salting og vasking vart turka på berg, eller hjell.

Til saltfisk vart brukt ymse fiskeslag, som torske, sei, hyse, sild, makrell og andre fiskeslag som vert fiska her omkring.

Til bokning/turking vart helst brukt sild, og torske. Boknasild vart eta både som turrild, ukokt, eller kokt med poteter til. Saltfisken vart utvatna og kokt. Den vart eten saman med poteter og med smelta talg eller litt steikt flesk til.



Poteter

Serkvern Vågen kunne fortelje om fyrste gongen han fekk poteter. Faren hadde fått fatt i ei kanne poteter som han sette og hausta, men dei fekk ikkje smake dei før til jul. Då fekk dei kvar si. Det er fortalt at ho gamle Synneve Hasund kunne minnst at poteter var det lite av i hennar tid. Det var så nytt at folk var ikkje rett vande med dei Ho hugsar at det vart prata om ein mann som hadde hausta to tynner poteter og folk forstod ikkje kva han skulle gjera med so mykje poteter. Det vart stor betring i kosthaldet etter at potetene kom i produksjon på gardane og vart vanleg på matbordet.

Neter

1812 var eit godt nôt-år. Dei som hadde hasselskogar plukka neter som dei mol til mjøl.

For dei som måtte bruke bork, eller spe på med bork til brød kom dette godt med.

Av dei som laut nøye seg med bork, var furuborken den ringaste.

Dette er litt av slikt som eg hugsar frå den fyrste tida eg kan minnst; frå eg var barn og framover i mi fyrste ungdomstid. Det kunne vere mykje meir å skrive om vedrørande emnet *mat*, slik den vart stelt, teke vare på, tillaga og brukt, samt vanlege matskikkar i tider som nå er fortid.

I hefta: «Glimt frå bygd livet i Ulstein» av Johan K. Hasund og Knut J. Hasund er også teke med litt om emnet *mat*, f.eks matskikkar ved bryllaup, gravferd og andre samkomer.



[illegible]

Dei som har delteke i prosjektarbeidet

Arbeidet har vore leia av Ulstein kommune, oppvekst- og kulturretaten. Koordinator for prosjektet var

Alv Ottar Folkestad fram til ca 1. april 2003, deretter Nils Ertesvåg.

Sjølve prosjektarbeidet har blitt utført av sivilarkitekt MNAL Berge Hjørungnes, konsulent.

Ulstein kommune etablerte ei tiltaksgruppe med ressurspersonar som skulle delta i prosjektarbeidet. Denne tiltaksgruppa har bestått av:

Aksel Hauge, Ulstein Historielag

Aase Ulla, Ulstein Vel

Gaute Hareide, Ulstein Marknadsforum

Jarl Brandal, grunneigar

Arnljot Myrene, grunneigar

Tiltaksgruppa har tilført arbeidet svært mykje verdifull informasjon og kunnskap om området.

Gruppa har, saman med koordinator og konsulent, halde 7 - 8 møte i Ulsteinvik frå november 2002, og avslutta i oktober 2003.

Medlemmene i tiltaksgruppa har i varierende grad utført arbeid for prosjektet, først og fremst innsamling av informasjon om eigedomane i det definerte området. M.a. vart det i januar/februar 2003 gjennomført ein intervjurunde med grunneigarar.

Systematisering av tiltaksgruppa sitt

arbeid vart gjort i ei ny nemnd:

Nils Ertesvåg, leiar.

Aksel Hauge, Ulstein Historielag.

Brita Waage Linge, Ulstein Historielag.

Arnljot Myrene, skrivar.

Arbeidet har m.a. resultert i denne boka. Det innsamla materialet har også blitt tilpassa bruk i skulen, ved Einar Grimstad.

Bruk av kjelder:

Til bruk i rapporten er det lånt foto og illustrasjonar frå først og fremst følgjande bøker/kjelder:

Einar Grimstad: «Ulsteinvik i bilde», 4 bøker med bilete frå Ulsteinvik 1900 - 2000.

Harald Grytten 1992: «Maskiners arbeid og henders verk. Ulstein 1917 - 92».

Ein del av bileta det er tale om, er kopiar av foto som er Johan Ottesens eigedom.

Berge Hjørungnes har stått for dei fleste nyare foto (farge) og skisser.

Andre foto er tatt av Tegneren Reklamestudio eller innlånt av huseigarar.

Mattradisjonane i artikkelen «Kva stod på bordet» er etter Knut J. Hasund, samla og skrivne av dottera Asbjørg Hasund Grønmyr.

Utgjevar: Ulstein kommune.

©, design, montasje:

Tegneren Reklamestudio AS.

Trykk: Flisa Trykkeri AS.

Opplag: 1. opplag, 700 eks., år 2005.

ISBN 82-997125-0-5

